

FEMCIT IP  
Contract No. 028746

WP4

Working Paper No. 1

Helga Eggebø i samarbeid med Beatrice Halsaa, Hege Skjeie og Cecilie Thun:

Organisasjonslandskapet i eit kjønnsperspektiv,  
1990 – 2007.

Senter for kvinne- og kjønnsforskning, UiO


Oktober 2007



FEMCIT is funded by EU's Sixth Framework Program

# **Organisasjonslandskapet i eit kjønnsperspektiv, 1990-2007.**

**Helga Eggebø i samarbeid med Beatrice Halsaa, Hege Skjeie  
og Cecilie Thun**



Rapport på oppdrag av forskingsprosjekta “FEMCIT: Gendered citizenship in multicultural Europe: The impact of the contemporary Women’s movement” og “PLUREQ Gender equality, cultural diversity, religious pluralism: State policies and feminist interventions”.

Senter for kvinne- og kjønnsforskning, UiO.

Oktober 2007

## **Abstract:**

This report is a register of organizations and networks with a gender profile in Norway 1990-2008. The assignment is carried out for the EU-project *FEMCIT: Gendered citizenship in multicultural Europe: The impact of the contemporary Women's movement and Gender equality, cultural diversity, religious pluralism: State policies and feminist interventions* (PLUREQ). The aim of this report is to present an overview over the organisational landscape in regard to gender issues. What kind of organizations exists on this field? Are the organizations based on national, ethnic or religious background or on mutual political interests? What is the structure of public funding for non governmental organizations in the relevant field? The register includes women's organizations, gender political organizations, men's organizations and immigrant organizations and religious organizations with a gender perspective.

The report focuses particularly on the intersection between women's organizations and immigrant's organizations. The register contains information on profile, founding year, membership, organisational data, national/local organizational level, organizational activities, participation in public hearings, state subsidies, internet pages and contact information. Chapter 1 includes reflections on background and the aim of the project and presents some relevant research. Chapter 2 focuses on methodological design. Chapter 3 is the actual register where organizations and organizational data are presented. The organizations are categorized into the following categories: gender political organizations, minority organizations, religious organizations, social and humanitarian organizations, women's committees of organizations and political parties, organizations focusing on gender based violence, local women's organizations and finally closed women's organizations.

## Føreord:

Denne rapporten er ei kartlegging av organisasjonslandskapet i eit kjønnsperspektiv i Noreg frå 1990 til 2007. Prosjektet er finansiert av FEMCITs arbeidsgruppe 4 ”Ethnic and religious citizenship. Intersections between feminism, ethnic identity and religion in a multicultural Europe”. FEMCIT: *Feminist citizenship in multicultural Europe. The impact of the contemporary women’s movement*<sup>1</sup> er eit europeisk forskingsprosjekt finansiert gjennom EU-kommisjonens sjette rammeprogram. Arbeidsgruppe 4 skal mellom anna undersøkja korleis kvinneorganisasjonar i Noreg, Storbritannia og Spania har påverka offentleg politikk, og i kor stor grad og på kva område minoritets- og majoritetskvinneorganisasjonar har utvikla felles politiske plattformar (FEMCIT 2007). Den norske delen av arbeidsgruppe 4 er delvis finansiert av Norges Forskningsråd gjennom IMER-programmet som ein del av forskingsprosjektet *Gender equality, cultural diversity, religious pluralism: State policies and feminist interventions* (PLUREQ)<sup>2</sup>. PLUREQ består av tre ulike delprosjekt som skal gjennomførast av høvesvis Hege Skjeie, Anja Bredal, Beatrice Halsaa og Cecilie Thun. Rapporten er laga på oppdrag av FEMCIT/PLUREQ. Cecilie Thun starta arbeidet med å kartleggja kvinneorganisasjonar som ein del av hennar doktorgradsprosjekt. Denne rapporten er utarbeidd av Helga Eggebø, innanfor rammene av eit to månaders engasjement, i samarbeid med Hege Skjeie, Cecilie Thun og Beatrice Halsaa. Dersom nokon skulle ha korrigerande eller supplerande opplysningar å bidra med til oversiktsrapporten er ein velkommen til å ta kontakt med Skjeie, Thun eller Halsaa.

---

<sup>1</sup> Internettseite: [www.femcit.org](http://www.femcit.org)

<sup>2</sup> Internettseite: <http://kilden.forskningsradet.no/artikkel/vis.html?tid=44902>

## **Samandrag:**

Denne rapporten er ei kartlegging av organisasjonslandskapet i eit kjønnsperspektiv i Noreg frå 1990 til 2007. Rapporten inneholder meir enn 200 organisasjonar, nettverk og utval. Organisasjonslandskapet er komplekst og inkluderer organisasjonar av svært forskjellig karakter med omsyn til føremål, medlemsmasse, aktivitetar, temaområde, arbeidsmåte og organisering. Oversikten inneholder kvinneorganisasjonar, mannsorganisasjonar, kjønnspolitiske organisasjonar, etnisk-, nasjonalitets-, eller minoritetsbaserte organisasjonar og religionsbaserte organisasjonar. Fellesnemnaren er at dei anten er reine kvinneorganisasjonar eller har ein uttalt kjønnsdimensjon. Det primære kjeldegrunnlaget for rapporten er offentlege stønadsordningar og lister over høyringsinstansar. Kartlegginga omfattar derfor først og fremst organisasjonar som har hatt kontakt med styresmaktene.

Rapporten inkluderer 15 kjønnspolitiske organisasjonar. Dette er tradisjonelle feministiske organisasjonar, kunnskapsorienterte institusjonar, to paraplyorganisasjonar, éin mannsorganisasjon og éin organisasjon av og for minoritetskvinne. Dei 24 minoritetspolitiske organisasjonane i oversikten er etnisk og nasjonalitetsbaserte organisasjonar, urfolkspolitiske organisasjonar, interesseorganisasjonar for seksuelle minoritetar, funksjonshemma, innvandrar og asylsøkjarar. Dei fleste organisasjonane i denne gruppa er ikkje å rekna som kvinneorganisasjonar, men organisasjonar som i større eller mindre grad har ein uttalt kjønnsdimensjon i arbeidet sitt. Det er 11 religionsbaserte organisasjonar i oversikten; ei betre oversikt over feltet av religiøse organisasjonar krev eit eige prosjekt. Rapporten inneholder 17 kvinneorganisasjonar av typen humanitære, sosiale, eller hjelpeorganisasjonar. I materialet er det 14 yrkesbaserte kvinneorganisasjonar. Me har inkludert 12 organisasjonar som arbeider med kjønna vald, og som vektlegg kjønnsperspektivet i varierande grad.

Rapporten inneholder 77 lokale organisasjonar. Dette er utelukkande organisasjonar som har fått stønad som lokal innvandrarorganisasjon. Dei fleste organisasjonane her er etnisk og/eller nasjonalitetsbaserte kvinnegrupper som først og fremst driv med kulturelle, sosiale eller hjelperetta tiltak. I tillegg er det ein del internasjonale kvinnegrupper og éin mannsorganisasjon blant dei lokale organisasjonane.

## **Innhold:**


Abstract: .....	3
Føreord: .....	4
Samandrag: .....	5
Innhald: .....	6
Kapittel 1: Bakgrunn og føremål .....	7
Tidlegare forsking på feltet.....	9
Kapittel 2: Metodisk design .....	15
Kva er ein "kvinneorganisasjon"? - Utval av organisasjonar .....	15
Innsamling av data .....	15
Avgrensingar med kjeldeutvalet .....	22
Informasjon om organisasjonane .....	23
Etiske refleksjonar .....	25
Kategorisering .....	26
Kapittel 3: Oversikten .....	32
Kjønnspolitiske organisasjonar .....	32
Minoritetspolitiske organisasjonar.....	40
Religiøse organisasjonar .....	52
Sosiale, humanitære eller hjelpeorganisasjonar .....	56
Yrkesbaserte kvinneorganisasjonar .....	66
Partipolitiske kvinneorganisasjonar og utval .....	73
Kvinnegrupper og kvinneutval under andre organisasjonar .....	73
Organisasjonar som arbeider med kjønna vald.....	74
Lokale organisasjonar .....	92
Nedlagte organisasjonar.....	115
"Restelista" .....	119
Referansar: .....	122

## **Kapittel 1: Bakgrunn og føremål**

Føremålet med denne rapporten er å gje ei oversikt over organisasjonslandskapet i eit kjønnsperspektiv, frå 1990-2007. Oversiktsrapporten er meint å vera eit utgangspunkt for vidare forsking på feltet, og målet har derfor vore å laga ein oversikt som inkluderer flest mogleg av kvinneorganisasjonane i Noreg.

Utgangspunktet for rapporten var eit ønske om å granske relasjonane mellom ”minoritets- og majoritetskvinneorganisasjonar” frå 1970-talet og fram til i dag. Ei kartlegging av kva for organisasjonar som faktisk har eksistert og kva for organisasjonar som er verksame i dag var naudsynt for å ha eit best mogleg utgangspunkt for å velja ut nokre organisasjonar for nærmare gransking. Det viste seg raskt at den opphavlege todelinga av kvinneorganisasjonane, i majoritets- og minoritetskvinneorganisasjonar, var for enkel. Den kunne ikkje fange inn vesentlege endringar i organisasjonslandskapet som til dømes organisasjonar med betydelege innslag av både majoritets- og minoritetskvinner; kjønnspolitisk organisering av menn og minoritetspolitiske organisasjonar med viktige kjønnsdimensjonar i verksemda. Prosjektet vart derfor utvida til å omfatta både tradisjonelle kvinneorganisasjonar, feministiske organisasjonar, minoritetspolitiske organisasjonar med eit kjønnsperspektiv i verksemda, religionsbaserte kvinneorganisasjonar, kjønnspolitiske mannsorganisasjonar, kjønnspolitiske organisasjonar for lesbiske, homofile og tranepersonar og organisasjonar som arbeider med kjønna vald.

Kartlegginga av organisasjonslandskapet skal kasta lys over korleis den ”nye” kvinnerørsla i Noreg ser ut, kva hovudtypar av organisasjonar som eksisterer, kor vidt organisasjonsgrunnlaget er nasjonalitet, etnisitet, religion eller saksinteresser, korleis organisasjonslandskapet har endra seg frå 1990-talet og fram til i dag, korleis finansieringsordningane har endra seg, kva organisasjonar som får stønad (Thun 2007) og korleis organisasjonane brukar høyringsinstituttet. Rapporten er ein del av arbeidet i forskingsprosjekta FEMCIT og PLUREQ. Skjeringsfeltet mellom etnisitets-, nasjonalitets-, og minoritetsbasert organisering, religionsbasert organisering og kjønnsbasert organisering er fokus for dei to forskingsprosjekta. Det relevante tema- og organisasjonsfeltet som denne rapporten kastar lys over, kan illustrerast på denne måten:



Organisasjonslandskapet i eit kjønnsperspektiv er komplekst og overlappar til dels med etnisitets-, nasjonalitets-, minoritets-, og religionsbasert organisering.

Innvandrarorganisasjonar er undersøkt spesielt for å få oversikt over minoritetsbaserte organisasjonar med eit kjønnsperspektiv. Det har ikkje vore rom for å gjera ei systematisk kartlegging av religiøse organisasjonar. I denne rapporten er hovudvekta derfor på organisasjonslandskapet og politisk deltaking i skjeringsfeltet mellom etnisk-, nasjonal-, minoritets og kjønnsbasert organisering. Organisasjonane i oversiktsrapporten er gruppet i kategoriar etter profil og arbeidsområde. Føremålet har vore at kategoriane på best mogleg måte skal bidra til å gje ei oversikteleg framstilling av organisasjonslandskapet og at kategoriseringa samstundes kan vera ein analytisk reiskap som kan brukast i vidare forsking på feltet.

Rapporten er delt inn i tre kapittel. I kapittel 1 er det gjort greie for føremålet med rapporten og tidlegare forsking på feltet. Problemstillingane som ligg til grunn for arbeidet med oversikten kunne vore utdjupa meir. Me har valt å gjera denne delen relativt kortfatta fordi mange av dei relevante problemstillingane bli drøfta meir inngåande i forskingsprosjekta som inngår i PLUREQ og FEMCIT. I kapittel 2 er ei drøfting av det metodiske designet som ligg til grunn for rapporten. Det inkluderer ei oversikt over kjeldeutval, utval av organisasjonar, framgangsmåtar og kritiske refleksjonar rundt avgrensingar med det metodiske designet. I tillegg diskuterer me kategorisering av

organisasjonane. Kapittel 3 er sjølve oversikten over kvinneorganisasjonar i Noreg. Her finst ei oversikt over lokale og nasjonale organisasjonar som anten er kvinneorganisasjonar eller har ein kjønnsdimensjon i verksemda. Det fins kortfatta informasjon om organisasjonane i oversiktsen. Rapporten inneholder meir enn 200 organisasjonar, nettverk og utval som er gruppert etter type og tema. Det er meininga at oversiktsrapporten skal kunne brukast som eit oppslagsverk og at det ikkje skal vera naudsynt å lesa heile rapporten for å ha nytte av han. Funna frå arbeidet med rapporten ville kunne vore grunnlag for ei grundig drøfting av organisasjonslandskapet, men dette er det ikkje tid til å gjera innanfor rammene for prosjektet. Eit potensielt kapittel 4 med drøfting og konklusjonar manglar derfor i denne rapporten. Voneleg vil funna bli publisert i ein eigen artikkel på eit seinare tidspunkt.

## ***Tidlegare forsking på feltet***

### **Kvinneorganisasjonar**

Det er ikkje rom for å gje ei fullstendig oversikt over forskinga på norsk kvinnerørslses historie, men her er nokre sentrale verk på feltet: Elisabeth Lønnå (2005) *Stolthet og kvinneskamp. Norsk kvinnaksforenings historie fra 1913*, Anna Caspari Agerholt (1973) *Den norske kvinnebevegelses historie*, Harriet Clayhills (1978) *Kjerringer mot strømmen*, Drude Dahlerup og Brita Gulli (1983) "Kvindeorganisationer i Norden: Afmagt eller modmagt", Runa Haukaa (1982) *Bak slagordene. Den nye kvinnebevegelsen i Norge*, Aslaug Moksnes (1984) *Likestilling eller særstilling? Norsk kvinnesaksforening 1884-1913*, Per Selle og Bjarne Øymyr (1995) "The changing role of women within local voluntary organizations: sex segregation in the voluntary sector" Per Selle (2001) *Svekket kvinnemakt? De frivillige organisasjonene og velferdsstaten* og Else Skjønsberg (1998) *Kvinnenes fredsbevegelse på åttitallet*. Det er skrive fleire hovudoppgåver og avhandlingar om tema og problemstillingar som er relevant på feltet, men dei har me ikkje oversikt over her. Andre publikasjonar som kan nemnast er Pax Leksikon (Pax 1980), Likestillingsrådets hefte *Kvinneorganisasjonene i Norge* (Strømberg 1984), *Policies and strategies on women in Norway* (Halsaa 1991) og *Ressurshåndbok for Kvinne- og kjønnsspørsmål* (Wiik 2000) gjeve ut av FOKUS med stønad frå Likestillingssenteret, Barne- og familiedepartementet og Norsk Folkehjelp.

Sistnemnte er kanskje den mest oppdaterte oversikta over norske kvinneorganisasjonar. Men ressurshandboka er eit brukarretta verktøy og ikkje å rekna som forsking på feltet.

## Innvandrarorganisasjonar

Det finst lite kunnskap om innvandrarorganisasjonar i Noreg, og behovet for forsking er stort (Predelli 2003). Sidan 2000 er det likevel skrive fleire rapportar og artiklar som kastar lys over innvandrarorganisasjonar i Noreg generelt, og som til ei viss grad kan sei noko om minoritetskvinneorganisering i Noreg.

Rapporten *Indvanderorganisationer i Norden* (Melve 2003) framhever at det ikkje finst mange innvandrarorganisasjonar i dei eksisterande oversiktene over organisasjonar i Noreg. Den beste kjelda til informasjon om innvandrarorganisasjonar er styresmaktenes oversiktar over sokjarar og mottakarar av ulike offentlege stønadsordningar (Melve 2003:171). Dei seinare åra har ein sett ei endring i måten organisasjonar er organisert på. Den klassiske organisasjonsmodellen er medlemsorganisasjonar med ein intern demokratisk struktur der valte tillitspersonar representerer interessene til medlemmane. Det er i ferd med å veksa fram fleire organisasjonar som fungerer som pressgrupper med vekt på fagmessig ekspertise heller enn mange medlemar (Melve 2003:173). Melve konkluderer med at dei landsdekkande innvandrarorganisasjonane er prega av å vera organisasjonar *for* heller enn *av* innvandrarar (Melve 2003: 74). Dei lokale organisasjonane er i stor grad basert på etnisitet, kultur og/eller religion og hovudvekta i arbeidet er internt retta og fokuserer på kulturelle arrangement og aktivitetar. Mange av organisasjonane har politisk fokus på tilhøva i opphavslandet (Melve 2003). Talet på muslimske organisasjonar i Noreg har auka kraftig dei siste åra, mellom anna som ei følgje av korleis stønadsordningane er organisert (Melve 2003:196-201).

Line Nyhagen Predelli (2003) drøftar minoritetskvinners politisk påverknad i NIBR-rapporten *Uformelle veier til makt*. Rapporten gjev ei viss oversikt over organisasjonslandskapet i tillegg til å drøfta viktige spørsmål kring mobilisering, organisering, makt og påverknad. Minoritetskvinner i Noreg begynte å organisera seg på slutten av 1970-tallet. Foreign Women's Group (1978) var ein pioner på feltet. Organisasjonen vart lagt ned på 1980-tallet, men er vidareført gjennom etableringa av MiRA Ressurssenter for innvandrer- og flyktningkvinner som vart oppretta i 1989. I

kjølvatnet av politiseringa av saker som tvangsekteskap og kvinnelig omskjering, har særlig pakistanske og somaliske kvinner inntatt roller i offentligheita (Predelli 2003:4).

Predellis undersøking er gjort med utgangspunkt i intervju med eit utval organisasjonar som arbeider for å fremja interessene til kvinner med minoritetsbakgrunn. Det er få organisasjonar som er etablert og leia av minoritetskvinner og som har som målsetting å påverka utforminga og iverksettinga av offentlig politikk. Dei aktørane som er med i studia er ”organisasjoner som arbeider for å fremme minoritetskvinnens interesser”.

Organisasjonane i studia er ulike med omsyn til oppbygging (til dømes kor vidt dei er medlemsorganisasjonar eller profesjonelle hjelpeorganisasjonar), etableringsår, leiing, målsettingar, samarbeid, finansiering og økonomisk situasjon. Felles for organisasjonane er at dei på ein eller annan måte er opptekne av minoritetskvinnens interesser og har eit ønskje om å påverka styresmaktenes politikk på felt som gjeld minoritetskvinner spesielt. Eit dilemma er at dei organisasjonane som skal fungera som profesjonelle tenesteytarar har behov for ein profesjonell stab, og dette kan gå ut over frivillig arbeid, demokrati, kontakt med brukarar og rolla som uavhengig ikkje-statleg organisasjon (Predelli 2003:4). Predelli peiker på at minoritetskvinnens påverknad og representasjon er relativt avgrensa.

Rapporten *Skal alle gjøre alt? Evaluering av landsdekkende organisasjoner på innvandrfeltet* (Nødland et al. 2005) har som føremål å evaluera tilskotsordninga for landsdekkande organisasjonar på innvandrfeltet og vurdera korleis organisasjonane enkeltvis og samla er med på å fremja føremålet med tilskotsordninga. ”Landsdekkande organisasjon” er vidt definert ut ifrå geografisk spreiing av førespurnader, aktivitetstypar, samarbeidspartnarar, problemfelt og organisasjonsstruktur. Organisasjonane er veletablerte og meir enn 10 år gamle. I 2004 var det åtte organisasjonar som fekk stønad gjennom denne ordninga: Antirasistisk senter (ARS), Innvandrernes landsorganisasjon (INLO), Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), MiRA – Ressurssenter for innvandrer- og flyktningkvinner, Norsk organisasjon for asylsökere (NOAS), Organisasjon mot offentlig diskriminering (OMOD), Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF), SOS Rasisme (Nødland et al. 2005:9-15).

Når det gjeld kvinnerelaterte problemstillingar nemner Nødland et al (2005) MiRA-senteret, SEIF og KIA. MiRA-senteret er eit senter av og for innvandarkvinner. MiRA samarbeider med lokale organisasjonar som Eritreisk kvinneunion i Norge, Network for Bosnian Women in Norway, Somalisk Kvinneforening, African Youth og Tyrkisk ungdomsgruppe. SEIF har eit tydeleg kvinnefokus. Dei er kjent for å engasjera seg i og ta opp spørsmål relatert til tvangsgifte og mishandling av utanlandske kvinner. Dei arbeider med kvinnelige asylsøkjarar, kjønnsbasert forfølging, mindreårige asylsøkjarar åleine i Noreg. Organisasjonen har kontakt med krisesenterrørska, barnevern, advokatar (Nødland et al. 2005). KIA har òg kvinneretta verksemder, mellom anna separate norskurs for kvinner og barnehage der barn kan vera når mødrane går på kurs. Nødland et al grupperer organisasjonane i kategoriane ”likeverdorganisasjonar”, ”hjelpeorganisasjonar” og ”brobyggerorganisasjonar”. Likeverdsorganisasjonene er ARS, MiRA, OMOD. Dei fokuserer på likestilling mellom minoritet og majoritet og på antidiskriminering. Hjelpeorganisasjonane fokuserer på rettshjelp og rettsvern. NOAS og SEIF er kategorisert som slike organisasjonar. KIA, INLO, SOS Rasisme er såkalla brubyggjarorganisasjonar. Kjerneaktivitet er knytt til relasjonar mellom minoritet og majoritet, fellesskap og møtestader (Nødland et al. 2005).

Line Nyhagen Predelli kartlegg innvandrarorganisasjonar i Noreg i rapporten *Innvandrorganisasjoner i Norge. Utforming, aktiviteter og politisk deltagelse*. Dei første innvandrarforeiningane vart etablerte av ufaglærte arbeidarar og danna for å fremja interessene til dei såkalla ”framendarbeidarane”. Religion var dessutan tidleg eit grunnlag for organisering og førte til oppretting av formelle institusjonar som moskear og meir uformelle religiøse grupper. Då familiesameining byrja å dominera immigrasjonsmønstret oppstod det eit behov for grupper og foreiningar basert på nasjonal, etnisk eller kulturell arv og tilhøyrsla (Predelli 2006).

Predelli (2006) meiner ein kan ta utgangspunkt i at om lag 150 foreiningar blant dei cirka tusen innvandrarforeiningane i Noreg først og fremst retter seg mot kvinner og/eller jenter. Dei fleste foreiningane i dag har både kvinner og menn som deltar. Berre tre av dei undersøkte organisasjonane rapporterer at dei ikkje har jenter eller kvinner som deltar. Til saman 46 foreiningar rapporterer at alle deltarane er jenter eller kvinner.

Ein tredjedel av foreiningane omfattar berre ei etnisk eller nasjonal gruppe, medan heile to tredjedelar inkluderer to eller fleire etniske eller nasjonale grupper. Sett under eitt er éin fjerdedel av foreiningane i undersøkinga open for alle etniske eller nasjonale grupper (Predelli 2006).

Predelli (2006:38-39) grupperer organisasjonane ut i frå korleis dei kategoriserer seg sjølv. Innvandrarforeiningane kallar seg først og fremst ”kulturelle” foreiningar (74 %). Ein fjerdedel identifiserer seg som ein ”nasjonal forening” og ein fjerdedel kallar seg ”vennskapsforening”. Berre eit fåtal av organisasjonane karakteriserer seg som ”humanitær”, ”religiøs” eller ”politisk”. At organisasjonane valde nemninga ”kulturell” impliserer ikkje at dei ikkje tek del i politisk arbeid. Om lag halvparten av organisasjonane driv ei eller anna form for politisk aktivitet i tillegg til kulturell og sosial verksemd. Dei fleste innvandrarforeiningar i Noreg er organisert på lokalt eller regionalt nivå. Berre nokre få opererer nasjonalt. Eit stort fleirtal av innvandrarforeiningane i Noreg er medlemsbaserte, og de fleste har mindre enn eitt hundre medlemmer (Predelli 2006).

Dei fleste innvandrarforeiningane orienterer seg utover og samhandlar med andre organisasjoner og institusjonar på det lokale og regionale nivået, medan eit fåtal samhandlar med staten eller med frivillige foreiningar i utlandet. Formell politisk representasjon er altså ikkje utbredt blant innvandrarforeiningane, men mange innvandrarforeiningar har kontakt med andre frivillige organisasjoner i Noreg, som innvandrarråd, med kommunal- og fylkeskommunal forvaltning og med det statlege Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene (KIM). Eit mindretal av foreiningane er representert i råd og utval på kommunalt, fylkeskommunalt og statlig nivå, og bare ein fjerdedel av innvandrarforeining har formelt vore invitert av styresmaktene til å uttrykka synspunkta sine. Dei fleste innvandrarforeiningane deltar på ein eller fleire måta i politiske prosessar, til dømes er det meir enn ein tredjedel av foreiningane som forsøker å påverka politiske saker, først og fremst på det lokale nivået (Predelli 2006).

I artikkelen (og rapporten med same namnet) *Likesstilling og Minoritetspolitikk* har Skjeie og Teigen (2007a; 2007b) undersøkt to høyringsrundar relatert til tvangsekteskap. Med utgangspunkt i dette materialet drøftar forfattarane kva som er føresetnadane for fleirkulturelt politisk medborgarskap. Det fins to typar minoritetsbasert medborgarskap på grunnlag av høvesvis status som nasjonal minoritet og innvandrarstatus. Debatten om inkludering av minoritetar kan delast inn i dei som fokuserer på individuelle rettar og dei som fokuserer på gruppessensitive tilnærmingar til deltaking. Stemmerett er eit typisk døme på individuelle rettar. Korporative deltakingsformar omfattar tre typar aktivitetar: trepartssamarbeid i arbeidslivet, medlemskap i offentlege utval, styrer og råd og deltaking i høyringsinstituttet. I tillegg føregår det ei utvikling i retninga av auka lobbyisme og uformelt samarbeid mellom organisasjonslivet og styresmaktene (Skjeie and Teigen 2007b:9-10). Forfattarane meiner at ”invitasjonsstrukturen for de to høringene ikke akkurat er skreddersydde for å inkludere minoritetspolitiske og kjønnspolitiske organisasjonsinteresser” (Skjeie and Teigen 2007b:24). Dei konkluderer med at målsettingar om kjønnsrepresentativitet og etnisk mangfold eksisterer som to ulike sfærar i norsk politikk. Medan etnisk mangfold er representert i form av organiserte interesser, er kjønnsrepresentasjon eit spørsmål om kjønnsbalanse og individuell rekruttering (Skjeie and Teigen 2007; 2007).

## Kapittel 2: Metodisk design

### **Kva er ein "kvinneorganisasjon"? - Utval av organisasjonar**

Å laga ein oversikt over kvinneorganisasjonar inneber to sentrale spørsmål om avgrensing og definisjon. For det første, kva er å rekna som ein "kvinneorganisasjon"? Og for det andre, kva er å rekna som ein kvinneorganisasjon? Utgangspunktet vårt var å heller vera for inkluderande enn for snever. I høve til det første spørsmålet har me valt å inkludera alle organisasjonar med eit kjønnsperspektiv. Dette inneber at mannsorganisasjonar, interesseorganisasjonar for lesbiske, homofile og tranepersonar og minoritetspolitiske organisasjonar med ein kjønnsdimensjon er inkludert i tillegg til dei reine kvinneorganisasjonane. Det vil vera glidande overgangar mellom kvinneorganisasjonar og andre organisasjonar. Vurderinga av om ein organisasjon har ein kvinne- eller kjønnspolitisk profil er gjort ut i frå organisasjonens 1) *namn*, 2) *medlemsmasse*, 3) *medlemskriterium*, 4) *føremål* og 5) *aktivitetar*. Denne vurderinga er gjort eksplisitt for kvar organisasjon i oversikten, under variabelen "kvinne- og kjønnsprofil". "Organisasjon" referer i denne samanhengen til medlemsorganisasjonar, stiftingar, profesjonelle organisasjonar, frivillige organisasjonar, nettverk og laust organiserte gruppe. For å avgrensa feltet har me valt å *ikkje* ta med forskingsinstitusjonar, forskarnettverk, organisasjonar, grupper og utval i det politisk/administrative apparatet eller fagorganisasjonar.

### **Innsamling av data**

Det eksisterer som nemnt ingen fullstendige oversiktar over kvinneorganisasjonar i Noreg. Kvar kan ein finna informasjon om kvinneorganisasjonar? På bakgrunn av ei oversikt over offentlege tilskotsordningar til frivillige organisasjonar (Kultur- og kirkedepartementet 2006) valde me å starta undersøkinga med utgangspunkt tre offentlege stønadsordningar:

- Tilskot til drift av landsdekkande organisasjonar på innvandrarfeltet og tilskot til drift av lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalssamfunn.
- Tilskotsordninga til frivillige organisasjonar på det familie- og likestillingspolitiske feltet.
- Sametingets stønad til samiske organisasjonar .

Me har avgrensa oss til å undersøkja stønadsordningane kvart femte år frå 1990 og fram til i dag, det vil seia 1990, 1995, 2000 og 2006. Når det gjeld stønadsordninga for lokale innvandrarorganisasjonar har me berre undersøkt kva organisasjonar som fekk stønad i 2006 og/eller 2007. I tillegg har me valt å inkludera to andre typar kjelder:

- Lista over organisasjonar som er tilslutta Forum for kvinne og utviklingsspørsmål (FOKUS)<sup>3</sup>.
- Lister over høyringsinstansar i samband med offentlege høyringar.

Me har gjort eit strategisk utval av kjelder ut ifrå kva som var mest føremålsteneleg med omsyn til kapasitetsavgrensingar og problemstillingar. Alle dei nemnte kjeldene er undersøkt systematisk. I tillegg har me valt å inkludera ein del organisasjonar som arbeider med kjønna vold og som ikkje har vore å finna i det systematisk undersøkte kjeldeutvalet. Dette har me gjort fordi hovudmålet med oversiktsrapporten har vore å laga ei mest mogleg omfattande oversikt over relevante organisasjonar på feltet. Me kjem tilbake til dette under overskrifta Kjønna vold på side 29.

### **Offentleg stønad til innvandrarorganisasjonar**

Organisasjonslivet er ein viktig kanal for politisk påverknad. Regjeringa ser stønad til frivillige organisasjonar som eit verkemiddel for å skapa eit inkluderande samfunn (AID 2007:8). Stønadsordninga ei eigna kjelde til informasjon når føremålet mellom anna er å undersøkja organisasjonenes deltaking i politikkutforming. Tilskot til drift av landsdekkande organisasjonar på innvandrarfeltet og tilskot til drift av lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalssamfunn er finansiert over kapittel 651 post 71 på statsbudsjettet (AID 2007). Integrerings-og mangfoldsdirektoratet (IMDi) forvaltar statleg stønad til innvandrarorganisasjonar. Søknader om og utbetaling av stønad til lokale organisasjonar føregår via fylkeskommunane.

Føremålet med tilskotsordninga til landsdekkande organisasjonar er å støtta organisasjonar som ”arbeider for å sikre at alle har samme muligheter, rettigheter og

---

<sup>3</sup> FOKUS er ein paraplyorganisasjon for norske kvinneorganisasjonar. For meir info, sjå 32.

plikter når det gjelder å delta i samfunnet og ta i bruk egne ressurser” (IMDi 2007a:1). Tilskotet er ei grunnstønadsordning som skal dekkja kjerneaktivitetar. Ordninga har to målområde: 1) organisasjonar som bygg opp kunnskap og kompetanse for å nå målsettinga om likestilling og samfunnsdeltaking og 2) organisasjonar som arbeider for rettane til asylsøkjarar. Landsdekkande organisasjonar er organisasjonar som arbeider landsomfattande og/eller med problemstillingar av nasjonal karakter. Som hovudregel må organisasjonen representera interesser til innvandrarar på tvers av nasjonalitet og etnisk bakgrunn for å ha rett på stønad gjennom denne ordninga (IMDi 2007a).

Dei organisasjonane som fekk stønad gjennom denne ordninga i 2007 var:

- African Youth in Norway (AYIN)
- Antirasistisk senter
- Human Rights Service (HRS)
- Innvandrernes landsorganisasjon (INLO)
- Kristent innvandrerarbeid (KIA)
- MiRA Ressurssenter
- Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS)
- Organisasjon mot offentlig diskriminering (OMOD)
- SOS Rasisme
- Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF).

Dei same organisasjonane fekk stønad i 2000 med unntak av AYIN og HRS. På 1990-talet vart stønad til landsdekkande organisasjonar på innvandarfeltet administrert av Utlendingsdirektoratet (UDI). Korkje UDI eller IMDi har oversiktar over kva organisasjonar som fekk stønad på 1990-talet<sup>4</sup>. I 1995 vart stønad til innvandartiltak utbetalt over kapittel 521 post 71 i Statsbudsjettet (KAD 1995). I 1995 fekk Ungdomskampanjen mot rasisme, NOAS, Antirasistisk senter og ”13 nasjonale sammenslutninger av ulike innvandrergrupper” offentleg stønad som landsdekkande organisasjon på innvandarfeltet. Dei 13 nasjonale samanslutningane inkluderer mellom anna OMDO, SEIF, ”en ny fillipinsk kvinneorganisasjon” (KAD 1995:70). I statsbudsjettet frå 1996 går det fram at INLO, OMOD, MIRA, SEIF var blant dei andre organisasjonane som fekk stønad i 1995 (KAD 1996:59). I 1990 vart stønad til innvandartiltak utbetalt over kapittel 505 post 62 og 71 på Statsbudsjettet (KAD 1990). I

---

<sup>4</sup> Søknader vert makulert etter 10 år (jamfør e-post frå IMDi 14.09.07).

statsbudsjettet for 1990 går det fram at Norsk Organisasjon for asylsøkere (NOAS) og Antirasistisk Senter mottok stønad som landsdekkande organisasjon på innvandrarfeltet (KAD 1990:68). I tillegg vart det sett av midlar til ”forsøks og utviklingstiltak”, det vil seia stønad til andre organisasjoner, men i Statsbudsjettet er det ikkje presisert kva for organisasjoner.

Lokale organisasjoner kan søkja tilskot til drift av lokale innvandrarorganisasjoner og frivillig verksemder i lokalssamfunn. Føremålet med stønadsordninga er at ho skal føra til aktiv samfunnsdeltaking frå minoritetsgruppene og til dialog og samhandling mellom etniske grupper og mellom majoritet og minoritetar i lokalsamfunnet (IMDi 2007b:3). Fylkeskommunane kan gje tilskot til drift av organisasjoner og tiltak som fremjar føremålet med ordninga. I 2007 er tiltak retta mot kvinner, barn og unge eit av dei områda som skal prioriterast (IMDi 2007). Me har fått ei samla oversikt frå IMDi over organisasjoner som har fått stønad frå fylkeskommunane i 2006. I tillegg har me fått tilsvarende oversikter frå ein del av fylkeskommunane<sup>5</sup>, pluss kopi av søknader og tilslag i 2007 frå Oslo og Akershus fylkeskommune.

### **Offentleg stønad på familie- og likestillingsfeltet.**

Tilskotsordninga til frivillige organisasjoner på familie-, kvinne- og likestillingsområdet går inn under Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) på statsbudsjettet, kapittel 846 post 70. Føremålet med ordninga er at organisasjonane skal setja dagsorden, supplera og korrigera det offentlege arbeidet på feltet, utvikla demokratiet, skapa deltaking, debatt og haldningsendring. Organisasjonane kan søkja om driftsmidlar eller tilskot til enkeltiltak (BLD 2007). Sidan 2002 har ordninga vore forvalta av Barne- ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Me har undersøkt lista over organisasjoner som fekk stønad i 2006<sup>6</sup>. Frå arkivet hos BLD har me fått kopi av søknader og tilslagsbrev relatert til ”tilskudd til

---

<sup>5</sup> Dei ulike listene samsvarer ikkje hundre prosent. Me har valt å la dei ulike listene supplera kvarandre.

<sup>6</sup> Ein del av organisasjonane og tiltaka som har søkt og/eller fått stønad har ikkje ein kjønnsdimensjon ut ifrå dei kriteria me har lagt til grunn. Dei organisasjonane som sökte om stønad i 2006 men som ikkje er teke med i oversikten er: Aktive Foreldre, Enestående Adoptanter Forening (EAF), Ensliges Landsforbund, Foreningen for ufrivillig barnløse, NORUT (Organisasjon for Nordmenn med Utenlandsoppvekst), Samlivshjelp, Victorine –Døråpner, Barnet som ikke ble, Det Norske Misjonsförbunds Ungdom, Foreningen 2 Foreldre, Mangfold i Arbeidslivet (MiA), Modum Lokallag for utviklingshemmede, Norsk Folkehjelp, Sportsklubben Sterling, Stiftelsen Betanien, Toppen Vel og Unge Høyres Landsforbund.

likestillingspolitisk opplysningsarbeid” i 1990, 1995 og 2000, ”tilskudd til norske kvinneorganisasjoners internasjonale arbeid” i 1990 og 1995 og reisestipend for deltaking på FNs spesialsesjon i 2000 (Beijing + 5). Med utgangspunkt i søknads og tilslagsbreva har me laga lister over organisasjonar som har søkt om stønad. Listene er ei kjelde til informasjon om kvinneorganisasjonar og organisasjonane er inkludert i oversikten når dei oppfyller utvalskriteria me har lagt til grunn, sjå punktet ”Kva er ein ”kvinneorganisasjon”? - Utval av organisasjonar”.

## **FOKUS - Forum for kvinner og utviklingsspørsmål**

Forum for kvinner og utviklingsspørsmål<sup>7</sup> har publisert ei liste over alle organisasjonar som er tilslutta FOKUS (2007b). Lista over organisasjonar som er tilslutta Fokus er ei av dei beste oversiktene over kvinneorganisasjonar i Noreg så langt. Lista tilførte viktig informasjon om organisasjonslandskapet, kontaktpersonar og informasjon om eventuelle nettsider, derfor vart ho inkludert i kjeldeutvalet. Oversikta vart sist oppdatert så seint som i november 2006 og informasjonen er derfor relativt oppdatert ut ifrå dagens situasjon.

## **Sametinget**

Sametinget gjev økonomisk stønad til samiske organisasjonar. Denne stønadsordninga er ikkje spesielt omfattande, men er inkludert for å få med alle relevante minoritetspolitiske organisasjonar. Me har ikkje motteke lister eller oversiktar frå Sametinget, men har fått informasjon om stønadsordninga per telefon og via e-post. NissonForum og Sarahkka er dei to kvinneorganisasjonane som har fått stønad av Sametinget i 1995, 2000 og 2007. I 2006 fekk Dievddut – mannsforeningen Guovdageaidnu (Kautokeino) 70 000 kroner i eingongsstønad til eit seminar. Sametinget deler ut stønad sjølv om organisasjonen får stønad frå andre offentlege ordningar. BLD gjer ikkje det: ”Organisasjoner som mottar eller er berettiget til annet statlig driftstilskudd kan ikke gis driftstilskudd fra denne tilskuddsordninga” (BLD 2007). I prinsippet er dei organisasjonane som får stønad frå Sametinget ekskludert frå å få stønad frå Barne- og likestillingsdepartementet.

---

<sup>7</sup> Sjå side 32 for meir informasjon om FOKUS.

## Høyringar

Høyringsinstituttet er ein del av den demokratiske politiske strukturen i Noreg. Høyringar inneber at departementa inviterer organisasjonar, offentlege instansar og andre til å koma med synspunkt på offentlege utgreiingar, lovforslag etc. Føremålet er at ”berørte parter” skal inkluderast når lovar og andre avgjerder skal takast. Høyringar er ein innfallsvinkel til å studera kva interesser som er representert i politikkutvikling. Me har undersøkt departementas lister over høyringsinstansar relatert til nokre relevante høyringsrundar. Dei listene er ei kjelde til informasjon om kva organisasjonar som eksisterer på feltet, og i tillegg gjev dei informasjon om organisasjonanes deltaking i offentleg politikkutvikling. Høyringane er valt ut med omsyn på å dekkja politikkområde som er av interesse for FEMCIT/PLUREQ, og derfor har me undersøkt høyringslister i relatert til emna vald mot kvinner, tvangsekteskap, utlendingslova, likestillingslova, rettsleg vern mot etnisk diskriminering, kontantstøtte, kjønnslemlesting og tilhøvet mellom kyrkja og staten. Mange av desse emna omfattar fleire høyringsrundar og fleire høyringslister<sup>8</sup>. Me har undersøkte desse høyringslistene:

### Revidering av likestillingslova i 2000-2001

Likestillingslova vart revidert i 2001. Høyringsrunden vart oppsummert i Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001). I oversikten har me registrert kva for organisasjonar som var invitert til og kva for organisasjonar som svarte på denne høyringsrunden.

### NOU 2002: 12 Rettslig vern mot etnisk diskriminering

I tilknyting til denne NOUen er det fleire høyringslister. Ei liste gjeld heile NOUen, *Oversikt over høringsinstanser og innkomne høringsuttalelser - NOU 2002: 12 Rettslig vern mot etnisk diskriminering*<sup>9</sup>, og ei liste som gjeld unntaket for indre forhold i trussamfunn spesielt: *Oversikt over høringsinstanser og innkomne høringsuttalelser - departementets høringsnotat av 28. oktober 2003 om unntak fra lovens saklige virkeområde for indre forhold i trossamfunn*<sup>10</sup>. Begge listene er registrert i oversikten.

---

<sup>8</sup> I denne rapporten har me ikkje prioritert å gjera greie for alle dei aktuelle høyringsrundane innanfor dei utvalte temafelta, men avgrensa meg til å lista opp dei høyringslistene som er undersøkt.

<sup>9</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/regpubl/otprp/20042005/Otprp-nr-33-2004-2005-25.html?id=395326>

<sup>10</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/regpubl/otprp/20042005/Otprp-nr-33-2004-2005-26.html?id=395327>

### **Forslag til endringer i lov om kjønnslemlestelse (2003)**

Lov om kjønnslemlestelse vart innført i 1995, og innspela frå høyringsrunden er oppsummert i Ot. prp. nr 50 (1994-1995). Seinare har det vore ein høyringsrunde i samband med endring av denne lova: *Forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse (HD 4.6.2003)*. Høyringa er oppsummert i Ot.prp nr 21 (2003-2004). Liste over høyringsinstansar finst ikkje på internett, men me har fått oversiktar tilsendt elektronisk frå Helse og omsorgsdepartementet. I oversikten har me registrert kva organisasjonar som var invitert til og kva organisasjonar som svarte på denne høyringsrunden.

### **NOU 2003:31 Retten til et liv uten vold**

NOU 2003: 31 *Retten til et liv uten vold* har vore ute på høyring. I oversikten har me registrert kva organisasjonar som var invitert til og kva organisasjonar som svarte på denne høyringa.

### **NOU 2004: 20 Ny utlendingslov**

Det fins to høyringslister i samband med denne høyringa. Det er ei liste over organisasjonar som var invitert til å svara på heile NOUen og ei liste over organisasjonar som berre var invitert til å kommentera tiltak mot tvangsekteskap<sup>11</sup>. Merk at dette ikkje er å rekna som to ulike høyringar, dei bygg begge på den same NOUen. Tiltak mot tvangsekteskap vart prioritert og lagt fram i ein eigen proposisjon, Ot. Prp. 109 (2004-2005). Seinare kom Ot. Prp 75 (2006-2007) som gjeld heile NOUen og oppsummerte alle forslaga, inkludert dei som gjeld tiltak mot tvangsekteskap. I oversikten har me registrert kva organisasjonar som stod på dei to høyringslistene, samt kva organisasjonar som svarte. Høyringslistene er å finna i Ot. Prp. Nr 75 (2006-2007) under punkt 2.2.1 og 2.2.2, <http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/regpubl/otprp/20062007/Otprp-nr-75-2006-2007-2/2.html?id=474177>.

### **Revidering av likestillingslova i 2004-2005**

Likestillingslova vart revidert i 2005. Høyringsrunden vart oppsummert i *Om lov om endringer i likestillingsloven mv. (Gjennomføring av Europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/73/EF og innarbeidning av FN-konvensjonen om avskaffelse av alle former for diskriminering av kvinner med tilleggsprotokoll i norsk lov)* Ot.prp. nr. 35 (2004-2005). I

---

<sup>11</sup> For ei oversikt over relevante høyringar når det gjeld tvangsekteskap, sjå Langvasbråten (2006).

samband med denne høyringa var det to høyringslister. Ei som gjeld heile likestillingslova<sup>12</sup>, og ei eiga høyringsliste over organisasjonar som var invitert til å kommentera spørsmålet om innarbeidning av FNs kvinnekonvensjon<sup>13</sup>. Begge dei to listene er registrert i oversikten, samt informasjon om kva organisasjonar som svarte.

### **NOU 2006: 2 Staten og den norske kirke**

Etter det me er kjende med er det så langt berre ein høyringsrunde knytt til denne NOUen. I oversikten har me registrert dei organisasjonane som var invitert til høyringa<sup>14</sup> og dei organisasjonane som svarte<sup>15</sup>.

### **Avgrensingar med kjeldeutvalet**

Det er ein del klare avgrensingar med kjeldeutvalet som er nytta i samband med utarbeidninga av denne rapporten. Når offentlege stønadsordningar og lister over høyringsinstansar utgjer storparten av kjeldegrunnlaget, tyder dette at me i praksis kartlegg kvinne- og kjønnspolitiske organisasjonar som har kontakt med styresmaktene. Dermed risikerer me å gå glipp av organisasjonar som ikkje har slik myndigheitskontakt. Lista over organisasjonar som er tilslutta FOKUS vil ikkje nødvendigvis kompensera for dette. Samstundes er det nettopp organisasjonanes rolle i politikkutvikling som er fokuset for både FEMCIT og PLUREQ. Andre stønadsordningar enn dei me har undersøkt kunne likevel vore relevant for undersøkinga. Ein del relevante organisasjonar, som til dømes krisesentra, får offentleg stønad gjennom andre ordningar enn dei som er undersøkte. Ei sentral avgrensing med kjeldeutvalet er at det ikkje ser ut til å gje tilstrekkeleg informasjon om feltet av religiøse kvinneorganisasjonar. Derfor ha me gjort ei forundersøking av stønadsordninga for tru- og livssynssamfunn. Den stønadsordninga ligg under Kultur- og kirkedepartementet og vert administrert av fylkesmannen. Stønaden er på 324 kroner per medlem i 2007 (KKD 2007)<sup>16</sup>. I forundersøkinga gjekk me gjennom

---

<sup>12</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/otprp/20042005/Otppr-nr-35-2004-2005-21.html?id=395622>

<sup>13</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/otprp/20042005/Otppr-nr-35-2004-2005-22.html?id=395623>

<sup>14</sup> [http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/hdk/2006/0006/ddd/pdfv/278853-stat-kirke\\_horingsinstanser\\_2\\_.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kkd/hdk/2006/0006/ddd/pdfv/278853-stat-kirke_horingsinstanser_2_.pdf)

<sup>15</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2006/Horing-NOU-2006-2-Staten-og-Den-norske-k/4.html?id=98500>

<sup>16</sup> Det er verd å merka seg at stønadsordninga til tru- og livssynssamfunn er langt rausare enn tilskotsordninga til lokaleinnvandrarorganisasjonar. Tilrådde satsar for sistnemte ordning i 2007 er 9000

lista over stønadsutbetalingar i Oslo og Akershus. Lista inneheld ingen organisasjoner som kan reknast som kvinneorganisasjonar ut ifrå namnet<sup>17</sup>. Derfor har me ikkje gjort ein fullstendig gjennomgang av lister over tru- og livssynssamfunn som får offentleg stønad.

Andre relevante kjelder kunne vore diverse lister over organisasjoner, til dømes frå departement, fylkeskommunar og andre offentleg instansar som har kontakt med dei relevante organisasjonane. Slike lister har me valt å utelukka frå kjeldegrunnlaget. Denne avgrensinga kan gjera at me mistar relevante organisasjoner, men på den andre sida kan me vera sikre på at dei organisasjonane som har søkt stønad faktisk eksisterte på det aktuelle tidspunktet. Mykje tyder på at høyrlingslister er ei relativt upåliteleg kjelde til informasjon om kva organisasjonar som eksisterer. Organisasjonslandskapet kan ha endra seg mykje sidan høyrlingsrundane. Melve (2003:229) peikar på at feltet innvandrarorganisasjonar framleis er i sterk endring. Me har funne døme på at organisasjonar står på høyrlingslister mange år etter at dei vart lagt ned eller slutta å vera aktive.

### ***Informasjon om organisasjonane***

Jamfør PLUREQs prosjektskildring skal oversiktssrapporten inkludera ”information on memberships, organisational activities, and state subsidies” (PLUREQ 2006). Me har registrert informasjon om organisasjonane i oversikten etter desse variablane:

- kvinne- og kjønnsprofil
- etableringsår
- medlemstal
- organisasjon
- nasjonal eller lokal organisasjon
- aktivitetar/politikk
- deltaking i dei undersøkte offentlege høyrlingane
- offentleg stønad

---

kroner til organisasjonar med 100-250 medlemmar, dette tilsvarer 36-90 kroner per medlem. Til samanlikning frå trussamfunna 324 kroner per medlem i 2007. Melve meiner at talet på islamske trussamfunn har auka dei siste åra, først og fremst som eit resultat av tilpassing til norske reglar for offentleg stønad (Melve 2003:196-202) Ei vidare undersøking og samanlikning av ulike stønadsordningar og konsekvensane det har for organisering og deltaking kunne vore eit interessant spørsmål for vidare forsking.

<sup>17</sup> To av trussamfunna på lista, Mosaisk Trossamfunn og Minhaj-ul-Quran International Norway, har eigne kvinnegrupper, det veit me frå andre kjelder. Det er ikkje usannsynleg at andre trussamfunn òg har kvinnegrupper eller særeigen kvinneorganisering.

- nettside

Av omsyn til omfanget av denne undersøkinga har me ikkje hatt høve til å ta kontakt med organisasjonane for å skaffa til veie organisasjonsdata. Internett har vore den klart viktigaste kjelda til informasjon om organisasjonane. Dei fleste større organisasjonane som eksisterer i dag har informative nettsider der ein kan finna mykje informasjon. Når anna ikkje er spesifisert er informasjon om organisasjonane og eventuelle sitat henta frå organisasjonens eigne nettsider, og nettstadadresse vil vera referert i teksten om organisasjonen. Avgrensinga med å bruka Internett som kjelde er at ikkje alle organisasjonane har nettsider. Dessutan er det ikkje alltid mogleg å finna informasjon om dei variablane me er interesserte i, og nettsidene kan vera lite oppdaterte. Lite aktive organisasjonar med fine nettsider kan gje inntrykk av å vera større og meir aktive enn dei faktisk er, og vica versa.

I tillegg til Internett har me funne informasjon om organisasjonane i søknader og lister i samband med dei undersøkte stønadsordningane, frå tilgjengeleg litteratur, frå høyringslistene og i nokre tilfelle munnleg informasjon frå personar som har kjennskap til feltet. Ressurshåndboka (Wiik 2000) har vore ei viktig kjelde til informasjon om organisasjonane. I håndboka finst informasjon om ”kontaktperson, adresse, stiftelsesår, organisasjonsdata, internasjonal tilknytning, tilknytning til andre organisasjoner i Noreg, mål for virksomheten, arbeidsform, aktivitetsområder, informasjonsmateriell”. Problemet med denne kjelda er at ho er frå 2000 og ein del informasjon kan vera utdatert.

Informasjon om *kjønnspolitisk profil* ut ifrå namn, medlemsmasse, medlemskriterium, føremål og aktivitetar er den første informasjonen om organisasjonane. Under variabelen nasjonal/lokal har me lista tilgjengeleg informasjon om organisasjonen opererer på nasjonalt og/eller lokalt nivå. Informasjon om kor vidt organisasjonane mottek offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane er registrert i oversikten. I dei tilfellene der det finst informasjon om anna offentleg stønad er dette nemnt. Under variabelen medlemstal vil ein finna informasjon om kor vidt organisasjonen er ein medlemsorganisasjon og

eventuelt om medlemstal når denne informasjonen har vore tilgjengeleg<sup>18</sup>. Variabelen ”organisasjon” er tenkt å gje informasjon om organisasjonsform og organisasjons struktur. Andre relevante organisasjonsdata er inkludert der slik informasjon er tilgjengeleg.

I mange høve er det lite tilgjengeleg informasjon om organisasjonen. På mange variabler vil me derfor berre ha registrert ”informasjon manglar”. Dette tyder ikkje alltid at informasjonen ikkje finst i det heile, men inneber at me ikkje har funne informasjonen gjennom dei undersøkte kjeldene og tilgjengelege informasjonskjelder. Det er eit generelt problem at mykje av informasjonen som er samla inn vil stå i fare for å vera utdatert etter kort tid (til dømes medlemstal, leiing og kontaktinfo). Det har vore vanskeleg å kvalitetssikra den informasjonen som er samla inn. Me vil dessutan understreka at rapporten er meint som eit utgangspunkt for vidare forsking og undersøkingar på feltet.

### ***Etiske refleksjonar***

Denne rapporten er godkjent av Norsk Samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD)<sup>19</sup>. I dei tilfella der organisasjonane ikkje har nettstad eller offisielt kontaktpunkt som adresse eller e-post, har me ført opp namn og kontaktinformasjon til kontaktpersonen i organisasjonen. Me har ikkje vore i kontakt med organisasjonane i oversikten og har derfor ikkje hatt høve til å innhenta samtykke frå kontaktpersonar eller organisasjonar. Dette er ikkje uproblematisk, korkje med tanke på kvalitet eller etikk. Kontaktpersonane er direkte identifiserte i oversikten og organisasjonstilhørsle kan indirekte gje informasjon av sensitiv karakter, slik som etnisk bakgrunn og politisk arbeid. Grunnen til at me likevel har valt å ta med denne informasjonen er at kontaktinformasjon er ein vesentleg føresetnad for vidare forsking eller formidling. Me vil understreka at informasjonen om kontaktpersonar er henta frå offentleg tilgjengelege dokument. Eit

---

<sup>18</sup> Organisasjonar som søker om driftsstønad må kunna dokumentera medlemstal, men dette er likevel ikkje alltid opplyst i dei kjeldene me har hatt tilgang til. I nokre av dei undersøkte kjeldene er medlemstal registrert og i nokre tilfelle oppgjev organisasjonen sjølv kor mange medlemmar dei har. Det har vist seg at eigenrapportering av medlemstal vil ofte vera litt i over kant av det medlemstalet som kan dokumenterast. Medlemstal er òg registrert i ressurshandboka frå FOKUS. Sjølv om denne informasjonen er meir enn sju år gammal, kan medlemstalet gje ein indikasjon på storleiken på organisasjonen, og er derfor teke med om det ikkje finst anna oppdatert informasjon.

<sup>19</sup> Rapporten er godkjent som ein del av Cecilie Thun og Beatrice Halsas forskningsprosjekt ”Medborgerskap i et flerkulturelt samfunn”. Opplysningane i databsen vart godkjent for bruk og publisering 11.10.07 (elektronisk brev frå NSD).

anna problem knytt til manglande samtykke er at me risikerer at informasjonen om organisasjonane er feil eller utdatert, og at framstillinga av organisasjonane og dei data som er presentert ikkje samsvarer med måten organisasjonen sjølv ville presentert seg på. Her viser me til at føremålet med oversikten er å vera eit utgangspunkt for vidare forsking, og at korrigerande informasjon kan rapporterast til prosjektansvarlege.

## **Kategorisering**

Me har gruppert organisasjonane i denne rapporten etter desse kategoriene:

- Kjønnspolitiske organisasjonar
- Minoritetspolitiske organisasjonar
- Sosiale/humanitære organisasjonar
- Yrkesbaserte organisasjonar
- Partipolitiske kvinneutval
- Kvinneutval i andre organisasjonar
- Organisasjonar som arbeider med kjønna vald
- Lokale kvinneorganisasjonar (organisert etter fylke).
- Nedlagte organisasjonar
- ”Restelista” – organisasjonar me manglar informasjon om

Målet med kategoriseringa i denne rapporten har vore å få til ei mest mogleg oversikteleg framstilling av organisasjonslandskapet i eit kjønnsperspektiv. I tillegg vonar me at kategoriseringa kan vera ein analytisk reiskap til bruk i vidare forsking på feltet.

Kategoriseringa har både praktiske og analytiske føremål og må tolkast og vurderast kontekstuelt. Kategoriseringar bør vera dynamiske, fordi organisasjonslandskapet endrar seg. I eit historisk perspektiv er minoritetskvinneorganisasjonar og kjønnspolitiske mannsorganisasjonar et relativt nytt fenomen i norsk samanheng. Minoritetspolitiske organisasjonar er til ei viss grad samla i ein eigen kategori, medan mannsorganisasjonar er inkorporert i dei andre kategoriene. Til saman er det 7 mannsorganisasjonar i oversikten<sup>20</sup>. Når det har vore særleg tvil om kategoriseringa av ein organisasjon har me ført organisasjonen opp under to kategoriar. Innanfor kategoriene er organisasjonane lista alfabetisk.

---

<sup>20</sup> Kristent Mannsarbeid, Mannskomieen-88, Foreningen for menn og omsorg, Reform – ressursenter for menn, Alternativ til Vold, Dievddut og Menn mot vold.

## **Kjønnspolitiske organisasjoner**

Kjønnspolitiske organisasjoner er organisasjoner som først og fremst arbeider politisk med kvinne- og likestillingsspørsmål. I tillegg inneholder denne kategorien kunnskapsorienterte organisasjoner som Fredrikkes hage og kvinneuniversiteta på Hamar og i Nord. Religiøse kvinneorganisasjoner, minoritetspolitiske organisasjoner og sosiale/humanitære kvinneorganisasjoner jobbar også politisk, men de organisasjonene er stort sett samla under eigne kategoriar. MiRA-senteret er til dømes ein kjønnspolitisk og minoritetspolitisk organisasjon som både driv hjelpetilbod og politisk verksemnd. Informasjon om organisasjonen står oppført under kategorien kjønnspolitisk organisasjoner, men kunne vore plassert under andre kategoriar.

Det har vist seg å vera spesielt vanskeleg å trekka ei klar grense mellom sosiale/humanitære organisasjoner og kjønnspolitiske organisasjoner. Me valt å kategorisera Krisesentersekretariatet som ein kjønnspolitisk organisasjon, ikkje ein sosial/humanitær organisasjon, i motsetnad til Skjeie og Teigen (2007b). Sjølv om Krisesentersekretariatet driv hjelpetiltaket ROSA-prosjektet, så arbeider organisasjonen først og fremst politisk på feltet vald mot kvinner, som ein medlemsorganisasjon for krisesentra i Noreg. Norsk Krisesenterforbund, den andre paraplyorganisasjonen for krisesentra, har me derimot plassert under kategorien ”kjønna vold” og ikkje under ”kjønnspolitiske organisasjoner”. Dette fordi Norsk Krisesenterforbund tonar ned det kjønnspolitiske fokuset og fokuserer på både menn, kvinner og barn i sitt arbeid mot vald, og: ”Kjønnsperspektivet har kommet i bakgrunnen etter hvert som kjønnsrollene i samfunnet har endret seg”<sup>21</sup>.

## **Minoritetspolitiske organisasjoner**

Denne kategorien inneholder minoritetspolitiske organisasjoner som har ein kjønnsdimensjon ut ifrå medlemsmasse, føremål eller aktivitetar. Minoritetspolitiske organisasjoner omfattar alle organisasjoner som arbeider med minoritetsspørsmål anten det er snakk om innvandrarar, asylsøkjarar, urfolk, nasjonale minoritetar, seksuelle minoritetar eller funksjonshemma. Religiøse minoritetar kunne også vore plassert inn under denne kategorien, men i staden har me valt å gruppera dei religiøse organisasjonane for

---

<sup>21</sup><http://www.norskkrisesenterforbund.no/hXGYBS2RjWZA.1.idium> Lesedato 05.10.07

seg, fordi religiøs organisering er av spesiell interesse innanfor FEMCIT/PLUREQ-prosjekta. Kategorien minoritetspolitiske organisasjoner inneholder alle organisasjonane som får stønad som landsdekkande organisasjon på innvandrarfeltet fordi me reknar dei som relevante for å få oversikt over organisasjonar av eller for minoritetskvinner. Dei fleste av desse organisasjonane har berre til ei viss grad ein kjønnsdimensjon.

### **Religiøse organisasjoner**

Denne gruppa inneholder kristne, muslimske og mosaiske kvinnegrupper. I tillegg er her ein kristen mannsorganisasjon, ein kristen organisasjon som arbeider med innvandrarar (KIA) og ei kristen gruppe for homofile og lesbiske. Me hadde venta at me skulle finna langt fleire religiøse kvinneorganisasjoner enn dei 11 religiøse organisasjonane med ein kvinne- eller kjønnsprofil som er samla i denne oversiktsrapporten. Det har vist seg at det vil krevja meir tid og ressursar å få oversikt over religiøst baserte kvinneorganisasjoner, og dette kan vera eit tema for vidare forsking. Ann Kristin Gresaker har laga ei liste over kvinnegrupper i moskear på basis av informasjon som ho fekk då ho var med på eikartlegging av informasjonsverksemda i Oslomoskear i samband med Humanistisk Prosjektforum (Bjerke et al. 2007). Lista ligg som vedlegg til rapporten.

### **Sosiale/humanitære organisasjoner**

Sosiale/humanitære kvinneorganisasjoner er dei organisasjonane som først og fremst arbeider med bistand, hjelpetiltak eller sosiale aktivitetar. I denne kategorien finst alt ifrå nasjonalt baserte sjølvhjelpsorganisasjoner til internasjonale bistandsorganisasjoner som fokuserer på kvinner. Felles for organisasjonane er at dei har ein kvinne- eller kjønnsprofil i ein eller annan forstand, og at dei driv ei eller anna form for hjelpearbeid. Dette utelukker ikkje at organisasjonane òg arbeider kjønnspolitisk eller minoritetspolitiske. JURK er eit døme. Den primære verksemda til JURK er å gje juridisk rådgjeving til kvinner, men organisasjonen arbeider òg rettspolitisk, mellom anna gjennom å svara på offentlege høyringar, og minoritetspolitisk med rettshjelp og rettsinformasjon til minoritetskvinner.

### **Yrkesbaserte organisasjoner**

Kategorien yrkesbaserte organisasjoner inneholder kvinneorganisasjoner eller kvinnegrupper som er organisert på grunnlag av profesjon eller yrkesdeltaking. Denne

gruppa har det vore relativt enkelt å kategorisera då organisasjonane eksplisitt ut ifrå namn eller føremål er organisert ut i frå profesjon eller yrkesdeltaking. Me har valt å utelata fagorganisasjonar, sjølv om nokre av dei er å rekna som kvinneorganisasjonar ut ifrå medlemsmasse. Nokre av organisasjonane i denne kategorien kunne vore plassert andre stader, som til dømes Norgesunionen av soroptimistklubber og Delta Kappa Gamma Society. Dette er organisasjonar for yrkesaktive kvinner, men samstundes driv begge organisasjonane sosialt og humanitært arbeid og kunne alternativt vore plassert i den kategorien.

### **Kvinneutval**

Partipolitiske kvinneutval og kvinneutval under andre organisasjonar er ikkje prioriterte i denne oversikten, men fleire kvinneutval under større organisasjonar er å finna i det systematisk undersøkte kjeldegrunnlaget for denne oversikten. Me har valt å inkludera ei liste over utvala, utan å innhenta ytterlegare opplysningar. Mange av kvinneutvala er medlem av FOKUS, men det er sannsynleg at det eksisterer fleire kvinneutval enn dei som er lista her. Lista over partipolitiske kvinneorganisasjonar er derimot komplett. Alle dei partipolitiske kvinneutvala er invitert til høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) og høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold*.

### **Kjønna vald**

Gruppa av organisasjonar som arbeider med kjønna vald inneheld ein god del organisasjonar som ikkje var å finna i det systematisk undersøkte kjeldeutvalet. Gjennom nettsidene til organisasjonar som Krisentersekretariatet, Norsk Krisenterforbund, Alternativ til Vold og Reform fann me informasjon om ei rekke organisasjonar som arbeider på valdsfeltet som me mente burde vera med i oversikten. Derfor avgjorde me at dei kvinne- eller kjønnspolitiske organisasjonane som arbeider med valdsspørsmål skulle inkluderast i oversikten. Då informasjonen om organisasjonane på dette feltet er innhenta gjennom ikkje-systematiske undersøkingar har me synleggjort dette ved å plassera dei i ein eigen tematisk kategori. "Kjønna vald" inkluderer oversiktar over krisenter, incestsenter og prostitusjonstiltak i Noreg. Informasjon om dei organisasjonane er kortfatta og følgjer ikkje variabelmalen. I dei høva der krisesentra og

incestsentrar har søkt om/motteke stønad gjennom dei undersøkte ordningane eller vore invitert til/svart på dei undersøkte høyringane er dette notert.

## Lokale organisasjoner

Kategorien ”lokale kvinneorganisasjoner” inneholder utelukkande organisasjoner som har søkt om stønad gjennom tilskotsordninga til lokale innvandrarorganisasjoner. Er det slik at majoritetskvinner i langt mindre grad enn minoritetskvinner organiserer seg i lokale kvinnegrupper? I mange tilfelle har det vore vanskeleg å avgjera om majoritettskvinneorganisasjonane er å rekna som nasjonale eller lokale. Notatane Bufetat har laga i lista over organisasjoner som har fått stønad, tyder på at dei prioriterer å støtta organisasjoner og tiltak som er av nasjonal karakter. Men dette er ikkje eit krav for å søkja. Når det gjeld innvandrarorganisasjonar er stønadsordninga delt inn i ei ordning for lokale og ei for nasjonale organisasjoner. Kategoriseringa vil derfor til dels vera eit resultat av strukturen i stønadsordningane til dei ulike organisasjonane.

Dei lokale minoritetskvinneorganisasjonane er samla i ein eigen kategori og gruppert etter fylke. Den enkleste, og ofte den einaste, måten å avgjera kva lokale innvandrarorganisasjonar som har ein kvinne- eller kjønnsprofil på, er med utgangspunkt i namnet. I nokre høve har me opplysningar om aktivitetar og medlemsmasse som tilseier at organisasjonen har ein kvinne- eller kjønnsprofil, sjølv om dette ikkje går fram av namnet. I slike tilfelle vil organisasjonen vera inkludert i oversikten. Berre eit fåtal (Oslo, Akershus, Buskerud, Nord-Trøndelag og Rogaland) av fylkeskommunane har sendt oss slik utfyllande informasjon, og dette er ei avgrensing med materialet.

Det har vore vanskeleg å finna informasjon om dei lokale organisasjonane, mellom anna fordi dei sjeldan har nettsider. For lokale organisasjoner, som i praksis er organisasjonar som har fått offentleg stønad gjennom stønadsordninga til lokale innvandrarorganisasjonar, har me derfor lagt til grunn ein annan mal enn for dei andre organisasjonane. Dei registrerte variablane er:

- Profil (etnisk eller nasjonalt basert organisasjon)
- fylke
- medlemstal
- aktivitetar

- offentleg stønad
- kontaktinfo (kontaktperson, e-post, adresse eller nettside).

Dei alle fleste lokale minoritskvinnegruppene er etnisk eller nasjonalt baserte. I tillegg finst det ein del internasjonale kvinnegrupper som tilsynelatande organiserer både minoritets- og majoritetskvinner. De fleste organisasjonane i denne kategorien driv først og fremst med sosiale/kulturelle aktivitetar eller hjelpetilbod. Me manglar informasjon om kor vidt organisasjonane arbeider politisk.

### **Nedlagte organisasjoner**

Nedlagte organisasjoner kunne vore gruppert innanfor dei andre organisasjonane då dette kan vera både kjønnspolitiske organisasjoner, sosiale/humanitære organisasjoner etc.

Men i staden har me valt å laga ein eigen kategori for nedlagte organisasjoner for å gjera det tydeleg at dei ikkje er aktive lengre. Dei nedlagte organisasjonane har naturleg nok ikkje nettsider, så det punktet er ikkje teke med for organisasjonane i denne kategorien. I tillegg til etableringsår har me inkludert informasjon om kva tid organisasjonen vart lagt ned. Potensielt sett vil det vera fleire organisasjoner i oversikten som ikkje lengre eksisterer og som derfor burde vore i denne kategorien, utan at me har greidd å fanga opp dette. Berre dei organisasjonane som me har fått stadfesta at er nedlagt er teke med i denne kategorien.

### **”Restelista”**

I det undersøkte kjeldegrunnlaget har me funne ein del organisasjoner, grupper og tiltak som det ikkje har vore mogleg å finna ytterlegare informasjon om. Då organisasjonane tilfredsstiller utvalskriteria som er lagt til grunn, (dei er å rekna som kvinneorganisasjoner ut ifrå namnet) er dei teke med i oversikten under kategorien ”restelista”.

## Kapittel 3: Oversikten

### **Kjønnspolitiske organisasjonar**

#### **Fredrikkes hage – kunnskapssenter for likestilling**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar er Fredrikkes hage ein kjønnspolitisk.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** Informasjon om kor vidt Fredrikkes hage er ein medlemsorganisasjon manglar.

**Organisasjon:** Informasjon manglar.

**Nasjonal/lokal:** Regional organisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** ”Kvinneuniversitetet Nord og Fredrikkes Hage samarbeider om å opprette et regionalt likestillingssenter i Midt-Norge. Det nye senteret vil bidra til å omsette nasjonal likestillings- og mangfoldspolitikk til lokal og regional praksis”.

**Offentlege høyringar:** Fredrikkes hage var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen tek ikkje i mot offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** <http://www.fredrikkeshage.com/>

#### **Fokus – forum for kvinner og utvikling**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse og føremål er FOKUS ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon. Organisasjonen definerer seg som eit ”kompetanse- og ressurssenter for internasjonale kvinnespørsmål”.

**Etableringsår:** 1995.

**Medlemstal:** 72 organisasjonar og utval.

**Organisasjon:** FOKUS består av 72 kvinneorganisasjonar og kvinneutval i politiske parti, fagforbund, solidaritets- og bistandsorganisasjonar (FOKUS 2007a). FOKUS si liste over samarbeidspartnarar gjev ei viss oversikt over norske organisasjonar som arbeider med kvinne- og kjønnspolitiske spørsmålsstillingar.

**Lokal/nasjonal:** FOKUS er ein paraplyorganisasjon for norske organisasjonar som arbeider med internasjonale kvinnespørsmål.

**Aktivitetar:** TV-aksjonen ”Drømmefangeren”, bistandsarbeid, koordinere kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid, informasjonsarbeid, skuggerapportar og arbeid knytt til FNs kvinnekonvensjon.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77 2000-2001) (svarte ikkje), høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje) og *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** FOKUS får offentleg stønad av NORAD og UD gjennom rammeavtalar for informasjon og bistandsverksem. FOKUS fekk 25 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD).

**Nettside:** <http://www.fokuskvinner.no/>

## **Human Rights Service (HRS)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål og aktivitetar er HRS ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon. Organisasjonen definerer seg som ein ”partipolitisk uavhengig tenketank som arbeider med tema knyttet til det nye fleretniske og flerreligiøse Norge og Europa. Vi har menneskerettigheter og -plikter og demokrati i front, med et særlig fokus på barn, unge og kvinner”.

**Etableringsår:** 2001

**Medlemsstal:** HRS er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Organisasjonen er formelt organisert som ein stiftelse. Rita Karlsen er dagleg leiar i HRS.

**Nasjonal/lokal:** HRS er ein organisasjon som arbeider med problemstillingar av nasjonal karakter.

**Aktivitetar:** HRS utarbeider rapportar, held føredrag og deltar i debattar. Organisasjonen deltek i offentlege høyringar og i den offentlege debatten generelt.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var HRS invitert til høyring om *Ny utlendingslov* (NOU 2004:20). Organisasjonen var invitert til høyring om heile NOUen, samt dei forslaga som gjaldt tvangsekteskap (svarte). HRS var invitert til høyring om rettsleg vern mot etnisk diskriminering (NOU 2002:12) (svarte ikkje), *Staten og den norske kirke* NOU 2006:2 (svarte ikkje) og *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte).

**Offentleg stønad:** HRS får støtte som nasjonal innvandrarorganisasjon (Predelli 2003). I 2007 fekk organisasjonen 1.702.277 kroner. I 2002 fekk HRS 500.000 i prosjektstøtte over revidert nasjonalbudsjett (Predelli 2003:23). Fram til 2006 fekk organisasjonen støtte gjennom ein eigen post på statsbudsjettet (Skjeie and Teigen 2007a).

**Nettside:** <http://www.rights.no/>

## **Internasjonal kvinnelige for fred og frihet (IKFF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, medlemskriterium, føremål og aktivitetar er IKFF ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** Women's International League for Peace and Freedom (WILPF) vart grunnlagt i Haag i 1915.

**Medlemsstal:** IKFF er ein medlemsorganisasjon for kvinner. Menn kan vera støttemedlemmar. Informasjon om medlemsstal manglar.

**Om organisasjon:** IKFF er den norske avdelinga av WILPF. Organisasjonen er demokratisk organisert med landsmøte kvart år.

**Nasjonal/lokal:** IKFF er ein nasjonal avdeling av ein internasjonal organisasjon.

**Aktivitetar:** IKFF koordinerer eit internasjonalt prosjekt i Libanon og eit i Colombia. IKFF publiserer medlemsbladet Fred og frihet som kjem ut fire gonger i året. WILPF har rådgjevande status i FN. IKFF fekk i 2006 stønad for å vidareføra informasjonsprosjektet ”Forum Norge 1325”, eit informasjonsprosjekt om FN-resolusjon 1325 om kvinner i væpna konfliktar <http://www.fn1325.no/>.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77 2000-2001) (svarte

ikkje), NOU 2003:31 *Retten til et liv uten vold* (svarte ikkje) og høyring om revidering av likestillingslova og stod på den eigne høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** I 2006 fekk 25 000 kroner i offentleg stønad i form av prosjektmidlar til frivillige organisasjoner på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet). IKFF fekk 10 000 kroner fra BFD i 1990 til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid. Organisasjonen fekk 10 000 kroner til internasjonalt arbeid i 1995. IKFF fekk 4800 kroner i reisestipend fra BFD i 2000.

**Nettside:** <http://www.ikff.no/>

## Juridisk rådgivning for kvinner (JURK).

Sjå punktet Sosiale, humanitære eller hjelpeorganisasjonar.

## Kvinnefronten

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Kvinnefronten ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon.

**Etableringsår:** 1972

**Medlemstal:** 330 (2006).

**Organisasjon:** Kvinnefronten er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon med årsmøte anna kvart år.

**Nasjonal/lokal:** Kvinnefronten er ein nasjonal kvinneorganisasjon

**Aktivitetar/politikk:** Organisasjonen driv med aktivisme, informasjonsarbeid og politisk arbeid knytt til kvinnernas økonomiske sjølvstende, vald mot kvinner, reproduktive rettar, likestilling av heterofile og homofile ekteskap, kvinner med minoritetsbakgrunn, seksuell frigjering etc.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å delta i høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å delta i høyring om revidering av likestillingslova og stod på lista over høyringsinstansar vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen, Ot. Prp 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Kvinnefronten var invitert høyring om NOU 2003: 31 *Retten til et liv uten vold* (svarte). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte).

**Offentleg stønad:** Kvinnefronten fekk 80 000 kroner i offentleg stønad i 2006 gjennom støtteordninga til frivillige organisasjoner på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet). Kvinnefronten fekk 20 000 kroner til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid i 1990 (BFD), og 10 000 til opplysningsarbeid og 10 000 til internasjonalt arbeid i 1995. Kvinnefronten i Tromsø fekk 8000 til internasjonalt arbeid i 1995 (BFD). Kvinnefronten fekk 30 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid og 10 000 i reisestipend i 2000 (BFD).

**Nettside:** <http://www.kinnefronten.no/>

## Kvinnegruppa Ottar

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Ottar ein kvinnekjønspolitisk organisasjon.

**Etableringsår:** 1991.

**Medlemstal:** 531 (2006).

**Organisering:** Ottar er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon. Dei lokale gruppene er uavhengige.

**Nasjonal/lokal:** Nasjonal organisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** Organisasjonen driv aktivisme og deltaking i offentlege debattar.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å delta i høying om revidering av likestillingsslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å delta i høying om revidering av likestillingsslova og stod på lista over høyringsinstansar vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen, Ot. Prp 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Ottar var invitert til å delta i høying om NOU 2003: 31 *Retten til et liv uten vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Kvinnegruppa Ottar fekk 100 000 kroner i offentleg stønad i 2006 gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingssområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet). Kvinnegruppa Ottar i Stavanger fekk 10 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 1995 (BFD). Kvinnegruppa Ottar (ved landsstyret) fekk 34 500 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid og 10 000 kroner i reisestipend i 2000 (BFD).

**Nettside:** <http://www.ottar.as/>

## Kvinneuniversitetet

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, aktivitetar og brukarar er Kvinneuniversitetet ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1983.

**Medlemstal:** Kvinneuniversitetet er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisering:** Kvinneuniversitetet er organisert som ei stifting.

**Nasjonal/lokal:** Kvinneuniversitetet ligg på Hamar. Tidlegare låg det på Løten.

**Aktivitetar/politikk:** Kvinneuniversitetet tilbyr kurs som gjev studiekompetanse, vekttallsstudie på høgskolenivå og kortare kurs og seminar vedrørande kvinner og likestilling. Kvinneuniversitetet arrangerer konferansar.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å delta i høying om revidering av likestillingsslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje). Kvinneuniversitetet var invitert til å svara på høying om revidering av likestillingsslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Kvinneuniversitetet mottekk ikkje offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane, men får stønad over ein eigen post på statsbudsjettet.

**Nettside:** [www.kvinneuniversitetet.no](http://www.kvinneuniversitetet.no)

## Kvinneuniversitetet i Nord (KUN)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar er KUN å rekna som ein kvinneorganisasjon. Føremålet er å med KUN er å synleggjera og dokumentera kvinnernas kunnskap og erfaringar, formidla kunnskap om og profilera likestillingsspørsmål (jamfør årsmeldinga, sjå nettsider).

**Etableringsår:** 1991.

**Organisasjon:** KUN er ein stiftelse leia av eit styre på åtte medlemmar. Styret er rekruttert frå ulike organisasjonar og er valt på årsmøtet. Organisasjonen er tilslutta

**FOKUS.**

**Aktivitetar:** kurs, seminar, konferansar og prosjekt relatert til kvinner og likestilling. (jamfør årsmeldinga, sjå nettsider).

**Nasjonalt/lokalt:** KUN held til i Nordfold i Steigen.

**Offentlege høyringar:** Kvinneuniversitetet var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørende innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Støtteringen for kvinneuniversitetet var invitert til å delta i høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk 13 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD).

**Nettside:** [www.kun.nl.no](http://www.kun.nl.no)

## Krisesentersekretariatet

**Kvinne og kjønnsprofil:** Ut ifrå medlemsmasse, medlemskriterium, føremål og aktivitetar er Krisesentersekretariatet ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon. Krisesentersekretariatet er ein medlemsorganisasjon for krisesenter. Føremålet med Krisesentersekretariatet er ”å fremme det ene kjønns særinteresse, vil gjennom sin virksomhet bekjempe og angripe den samfunnsbestemte volden mot kvinner og deres barn (Krisesentersekretariatet 2005).

**Etableringsår:** 1994 (Wiik 2000:35).

**Medlemstal:** Krisesentersekretariatet er ein medlemsorganisasjon for 33 av krisesentra i Noreg (Predelli 2003:8).

**Organisasjon:** Krisesentersekretariatet vart etablert i 1994. Medlemssentra har tilslutta seg ein felles platform i 1982 og utgjer Krisesenterbevegelsen i Norge.

Krisesentersekretariatet skal arbeida i tråd med platformen (Krisesentersekretariatet 2005). Tove Smaadal er dagleg leiar for Krisesentersekretariatet. Organisasjonen er demokratisk oppbygd. Kontaktutvalget er Krisesentersekretariatets styret og er valt på landsmøtet (Predelli 2003).

**Nasjonal/lokal:** Krisesentersekretariatet er ein landsdekkande organisasjon som organiserer krisesenter over heile landet.

**Aktivitar/politikk:** Utarbeida statistikk, informasjonsarbeid, undervisning, kurs/konferansar, internasjonalt solidaritetsarbeid, deltaking i offentlege debattar, deltaking i offentlege utval, lobbyverksemrd, rapportar (Wiik 2000:35). Har delteke i fleire offentlege utval, arbeidsgrupper og referansegrupper (Predelli 2003:23).

**Offentlege høyringar:** Krisesentersekretariatet var høyringsinstans i samband med revisjon av likstillingsloven Ot. Prp nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til og svarte på høyring om NOU 2004:20 *Ny utlendingslov*, både NOUen generelt og høyringa om tiltak mot tvangsekteskap (svarte). Organisasjonen stod på lista over høyringsinstansar vedrørende innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov i samband med endring av likestillingslova Ot.prp. nr. 35 (2004-2005), (svarte ikkje). Krisesentersekretariatet var invitert til høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Krisesentersekretariatet fekk avslag på søknader om stønad til

likestillingspolitisk opplysningsarbeid og internasjonal arbeid i 1995 (Barne- og familidepartementet). Organisasjonen fekk 44 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid og 10 000 kroner i reisestipend i 2000 (Barne- og familidepartementet). Krisesentersekretariatet fekk i 50 000 kroner i prosjektmidlar i 2006 til ”Nettverk mot prostitusjon og handel med kvinner” gjennom Barne- og likestillingsdepartementets støtteordning til frivillige organisasjoner på familie- og likestillingssrådet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet). Krisesentersekretariatet får dessutan stønad fra Politi- og justisdepartementet for å setja i verk tiltak i samband med ”Regjeringens handlingsplan mot menneskehandel” gjennom ROSA-prosjektet ([www.rosa-hjelp.no](http://www.rosa-hjelp.no)).

**Nettside:** [www.krisesenter.com](http://www.krisesenter.com)

## Kvinner viser vei

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar var Kvinner viser vei ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1992 (Wiik 2000:42).

**Nedlagt:** Det er litt uvisst om Kvinner viser vei er lagt ned, men mykje tydar på det.

**Medlemsstal:** Var ikkje ein medlemsorganisasjon men ein ideell stiftelse.

**Organisasjon:** Kvinner viser vei er ikkje ein organisasjon, men eit nettverk som arrangerte nasjonale messer. Nettverket hadde styre og sekretariat i Oslo, samt regionale nettverk som dreiv sjølvstendig møteverksemnd.

**Nasjonal/lokal:** Verksemd av nasjonal karakter.

**Aktivitetar/politikk:** Arrangerte nasjonale messer anna kvart år der føremålet var å synleggjera kvinnernasjonalitet og kompetanse (Wiik 2000:42).

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyingsrundane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77 2000-2001) (svarte ikkje), og *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Kvinner viser vei fekk 15 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD).

**Kontaktpersoner:** Lena Hagberg og Gunn Kvalsvik (Wiik 2000:42).

**Nettside:** [www.kvinnerviservei.no](http://www.kvinnerviservei.no) eksisterer ikkje lengre.

## MIRA Ressurssenter for Innvandrer- og flyktningkvinner (MiRA-senteret)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, aktivitetar og føremål er MiRA-senteret ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon. Føremålet med organisasjonen er å arbeida for likestilling for innvandrar- og flyktningkvinner i forhold til majoritetsbefolkning for likestilling mellom kvinner og menn internt i minoritetsmiljøa i Noreg (Predelli 2003).

**Etableringsår:** 1988, 1979 som Foreign Women’s Group (Wiik 2000:49).

**Medlemsstal:** MiRA-senteret er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** MiRA-senteret er ikkje ein medlemsbasert demokratisk organisasjon, men eit brukarstyrt ressurssenter med eit nasjonalt og internasjonalt nettverk av minoritetskvinner og organisasjoner som er knytt til senteret (Predelli 2003). Styret er det overordna organet og utnemner sjølv nye styremedlemmar (Jamfør vedlegg til søknad om stønad til Akershus fylkeskommune).

**Nasjonal/lokal:** MiRA-senteret får stønad som landsdekkande innvandrorganisasjon og

arbeider med spørsmål av nasjonal karakter. Tilbod og aktivitetar er avgrensa til Oslo og Akershus.

**Aktivitetar/politikk:** Gjev ut magasinet MIRA Forum for minoritetskvinner, informasjonsverksemd, krisehjelp og rådgjeving, etablera møtestader for unge jenter, konferansar og seminar, deltek i offentlege debattar og høyringar, tale- og debattkurs, sjølvforsvar for kvinner, samtalegrupper.

**Offentlege høyringar:** Jamfør Predelli (2003) er MiRA-senteret formell høyringsinstans i saker som gjeld minoritetskvinner. Av dei undersøkte høyringane var MiRA-senteret invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte), høyring om NOU 2004:20 *Ny utlendingslov*, heile NOUen og i tillegg dei forslaga som gjaldt tiltak mot tvangsekteskap (svarte). MiRA-senteret var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørende innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte).

MiRA var invitert til høyring om NOU 2002: 12 *Rettslig vern mot etnisk diskriminering* (svarte) og invitert til høyring NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15.

desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004)

(svarte).

**Offentleg stønad:** MiRA-senteret fekk avslag på søknad om stønad til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 1995 (Barne- og familidepartementet). MiRA-senteret fekk 26 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid og 10 000 kroner i reisestipend i 2000 (Barne- og familidepartementet). I 1995, 2000 og i 2007 (1.184.277 kroner) fekk MiRA-senteret offentleg stønad som landsdekkande innvandrarorganisasjon. I tillegg får senteret støtte til tiltak gjennom IMDis støtteordning til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn frå Oslo (40 000 kroner i 2006 og 45 000 kroner i 2007) og Akershus (70 000 kroner i 2006) fylkeskommune. I tillegg fekk MiRA-senteret 100 000 kroner i 2006 i prosjektmidlar gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** <http://www.mirasenteret.no/>

## **Mannskomiteen-88**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar er Mannskomiteen-88 ein kjønnspolitisk organisasjon.

**Etableringsår:** 1988.

**Medlemstal:** 500 menn er knytt til organisasjonens diskusjonsforum, sjå info [http://ec.europa.eu/employment\\_social/equ\\_opp/partners/1487.htm](http://ec.europa.eu/employment_social/equ_opp/partners/1487.htm).

**Organisasjon:** Organisasjonen vart etablert av Bjørn Blumenthal, Arne Bendik Sjur og Bjørn Ødegaard. Mannskomiteen-88 er ei laust organisert grasrotørslle for menn.

**Nasjonal/lokal:** Informasjon manglar.

**Aktivitetar:** Organisasjonen lanserte mannsdagen 7. oktober, arrangerer mannsmøter for å diskutera det å være mann i et moderne samfunn. Fokus på korleis menn har det, emosjonelt og psykologisk.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var Mannskomiteen blant høyringsinstansane i høyring om revidering av Likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77, 2000-2001) (svarte ikkje) og høyring NOU 2003:31 om *Retten til eit liv uten vold* (svarte

ikkje).

**Offentleg stønad:** Mannskomiteen fekk 15 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (Barne- og familidepartementet).

**Kontaktperson:** Bjørn Blumenthal

**Adresse:** v/Bjørn Blumenthal, Tingstuvn 8, N-0281 OSLO.

## **Norsk kvinnesaksforening (NKF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, aktivitetar og medlemsmasse er NKF ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon.

**Etableringsår:** 1884.

**Medlemstal:** 305 betalande medlemmar i 2006.

**Organisasjon:** NKF er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon. Landsmøtet er organisasjonens høgste myndigheit.

**Nasjonal/lokal:** NKF er ein landsdekkande organisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** NKF gjev ut medlemsbladet Kvinnesaksnytt, er medlem av FOKUS, arbeider med kvinnespørsmål i tilknyting til FN-systemet og deltek i offentlege debattar.

**Offentlege høyringar:** Norsk Kvinnesaksforening var invitert til høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte).

Norsk Kvinnesaksforening var invitert til å delta i høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** I 1990 fekk Alta Kvinnesaksforening 10 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid frå Barne- og familidepartementet (BFD). I 1990 fekk Norsk Kvinnesaksforening 20 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid og 18 000 kroner til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid (BFD). I 2000 fekk organisasjonen 8000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid (BFD). I 2006 fekk NKF 70 000 kroner i offentleg driftsstønad gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** [www.kvinnesak.no](http://www.kvinnesak.no)

## **RadiOrakel**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar, føremål, medlemsmasse og medlemskrav er RadiOrakel ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon. RadiOrakel er verdas første kvinneradio. Føremålet er å utdanna jenter innan radiojournalistikk og teknikk.

**Etableringsår:** 1982.

**Medlemstal:** Omlag 80 personar er knytt til radioen. Det skal til ei kvar tid være minimum 2/3 kvinnelige medlemmer.

**Organisasjon:** I 1998 hadde RadiOrakel mellom 50 000 og 70 000 dokumenterte lyttarar. Organisasjonen er medlem av FOKUS (2007b).

**Nasjonal/lokal:** RadiOrakel held til i Oslo, men sender over heile landet.

**Aktivitetar/politikk:** Radiosending.

**Offentlege høyringar:** RadiOrakel var invitert til høyring om revisjon av

likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** RadiOrakel fekk 20 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 1990 av Barne- og familidepartementet (BFD). RadiOrakel fekk 20 000 kroner til likestillingstiltak i 1995 (BFD). Organisasjonen fekk 34 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD).

**Nettside:** <http://www.radiorakel.no/>

## **Minoritetspolitiske organisasjoner**

### **African Youth in Norway (AYIN)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar er AYIN ein organisasjon med ein kjønnsdimensjon. African Youth in Norway er eit ressurssenter for barn og ungdom med afrikansk bakgrunn. Ressurssenteret er drive på frivillig basis. Føremålet med organisasjonen er å fremja positiv identitetsutvikling blant afrikanske ungdommar. AYIN er ein antirasistisk minoritetspolitisk ungdomsorganisasjon som organiserer ungdommar på tvers av etnisk og nasjonal bakgrunn. AYIN er kritiske til å danna grupper på grunnlag av bestemte spørsmål som omskjering, tvangsekteskap, homoseksualitet etc, fordi dei meiner at slike grupper stigmatiserer medlemmane. Ei gruppe organiserer berre jenter, dette er Dancers With Attitudes (DWA). I tillegg til dans fungerer gruppa som ein møtestad for unge jenter der dei mellom anna diskuterer kjønnsrelaterte erfaringar med seksualisering, direkte diskriminering, internalisering av stigma og stereotypar. AYIN og DWA er kritiske til kvit feminism og har inkorporert "Africana Womanism<sup>22</sup>"-ideologi (Rood 2007). AYIN har ein kjønnspolitisk profil, men utfordrar måten kvinne- og kjønnsinteresser vanlegvis er organisert på.

**Etableringsår:** 1995.

**Medlemsstal:** AYIN er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Hovudmålgruppa for African Youth er ungdom på 13-25 år. Den daglege leiinga i AYIN er et "lederteam". I tillegg har organisasjonen eit støtteapparat og eit nettverk som består av styremedlemmar, mentorar og rådgjevarar. Meir om organisasjonsstruktur på: <http://www.ayin.no/bruikerstyring-aktiviteter-ledelse-og-organisering.366717-70851.html>

**Nasjonal/lokal:** AYIN er Oslobasert, men får stønad som landsdekkande innvandrarorganisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** AYIN driv informasjonsarbeid om oppvekst, førebygging, identitet og diskriminering. Dei arrangerer fritidsaktivitetar og arbeider med psykisk helsearbeid, kulturell utvikling og førebygging av kriminalitet. Dei arrangerer kurs, seminar, leir og turar og organiserer leksehjelp, dansegruppe og teatergruppe.

**Offentleg stønad:** I 2007 fekk organisasjonen 300 000 kroner i offentleg stønad som landsdekkande organisasjon på innvandrarfeltet. I tillegg fekk AYIN 45 000 kroner i 2006 og 45 000 kroner i 2007 av Oslo fylkeskommune gjennom stønadsordninga til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemد i lokalsamfunn.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyingsrundane var AYIN invitert til å delta i høyringa om *Ny utlendingslov* (NOU 2004:20) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring om heile NOUen, samt dei forslaga som gjaldt tvangsekteskap (svarte ikkje).

---

<sup>22</sup> Africana Womanism tek utgangspunkt i eit afrosentrisk paradigme og fokuserer på rase og klasse, heller enn kjønn, som grunnleggande for svarte kvinner materielle situasjon .

AYIN var invitert til høyring om rettsleg vern mot etnisk diskriminering (NOU 2002:12) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Nettside:** [www.ayin.no](http://www.ayin.no)

## **Antirasistisk Senter**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar og politikk har Antirasistisk Senter ein viss kjønnsdimensjon på arbeidet. Antirasistisk senter har som føremål å ”samle kunnskap om og dokumenterer rasisme og innvandrernes status i Norge”, og senteret sett fokus på kvinner og kvinnediskriminering.

**Etableringsår:** 1983 (Nødland et al. 2005:37).

**Medlemstal:** Antrasistisk senter er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisering:** Antirasistisk Senter er organisert som ei stifting (Nødland et al. 2005:37).

**Nasjonal/lokal:** Senteret får stønad som nasjonal organisasjon på innvandrarfeltet og arbeider med problemstillingar av nasjonal karakter.

**Aktivitetar/politikk:** Rådgjeving, dokumentasjons- og informasjonsarbeid, frivillighetssentralen Agenda X, nærradio, kontakt med offentlege myndigheter (Nødland et al. 2005:37).

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var Antirasitisk senter invitert til å svara på høyring om NOU 2004:20 *Ny utlendingslov*, heile NOUen (svarte ikkje).

Antirasistisk Senter var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring om NOU 2002: 12 *Rettlig vern mot etnisk diskriminering* (svarte ikkje) og invitert til høyring NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Antirasistisk senter har fått stønad som landsdekkande organisasjon på innvandrarfeltet i 2007, 2000, 1995 og 1990.

**Nettside:** [www.antirasistisk-senter.no](http://www.antirasistisk-senter.no)

## **Arktisk Urfolkskvinnenettverk, norsk avdeling**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar er organisasjonen ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1997 (Wiik 2000:13).

**Medlemstal:** Arktisk Urfolkskvinnenettverk er ein medlemsorganisasjon for både institusjonar og individuelle medlemmar (Wiik 2000:13). Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Arktisk Urfolkskvinnenettverk er ein nettverksorganisasjon . Ytterlegare informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Lokal/nasjonal:** Manglar informasjon.

**Aktivitetar:** Nettverket arbeider med lokal samfunnsutvikling med eit kvinne- og urfolksperspektiv (Wiik 2000:13). Dei driv bevisstgjering om naturbruk og ressursforvaltning.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77 2000-2001) (svarte

ikkje), høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje) og *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk 10 000 kroner i reisestipend i frå BFD i 2000.

**Kontaktperson:** Jorunn Eikjok

**Adresse:** Hannomaras 8, 9520 Kautokeino

**E-post:** [jorun.eikjok@rito.no](mailto:jorun.eikjok@rito.no)

## **Den Eritreiske Kvinneunion**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar Den Eritreiske Kvinneunion ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1979 (Wiik 2000:17)

**Medlemstal:** Den Eritreiske Kvinneunion er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal og medlemskriterium manglar.

**Organisasjon:** Den Eritreiske Kvinneunion er tilslutta FOKUS (2007b). Informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** Lokale grupper i Oslo og Stavanger (Wiik 2000:17).

**Aktivitar:** Organisasjonen driv med informasjonsarbeid, rådgjeving og rettleiing om helsespørsmål, omskjering, om det offentlege Noreg og kvinner rettar ved samlivsbrot. Dei driv sosialt arbeid retta mot eritreiske barn og unge, samt hjelpearbeid i Eritrea (Wiik 2000:17).

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å delta i høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje). Organisasjonen står på lista over høyringsinstansar vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i samband med revidering av likestillingslova (2004-2005) (svarte ikkje). Den Eritreiske Kvinneunion var invitert til å delta i høyring om NOU 2003:31 *Retten til eit liv uten vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottekk ikkje stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

**Adresse:** Postboks 9411 Grønland, 0135 Oslo.

**E-post:** [sarahkah@start.no](mailto:sarahkah@start.no)

## **IHGS Internasjonal helse og sosialgruppe**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har organisasjonen ein viss kjønnsdimensjon. IHGS er eit nettverk av helse- og sosialarbeidarar med minoritets- og majoritetsbakgrunn. Føremålet er å gjera integrasjonsprosessen i det norske samfunnet enklare for minoritetsgrupper. ISHG er involvert i arbeid mot tvangsekteskap, ein problematikk som i stor grad er kjønna.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** 164 frivillige er knytt til nettverket.

**Organisasjon:** ISHG er eit nettverkssamarbeid.

**Aktivitar:** Nettverket driv tiltak mot tvangsekteskap, tiltak for eldre innvandrarar, prosjekt relatert til psykisk helse og HIV/AIDS-problematikk.

**Offentlege høyringar:** ISHG var invitert til å svara på høyring om ny utlendingslov (NOU 2004:20), dei delane som gjeld beskyttelse mot tvangsekteskap (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15.

desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** I 2006 fekk organisasjonen 75 000 kroner fra Barne- og Likestillingsdepartementet i offentleg stønad til tiltak mot tvangsekteskap.

**Nettside:** <http://www.ihsg.no>

### **Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål har INLO ein viss kjønnsdimensjon: ”Innvandrernes Landsorganisasjon i Norge er en sammenslutning av innvandrernes paraplyorganisasjoner som arbeider for reell likestilling mellom innvandrere og nordmenn, uavhengig av *kjønn*, etnisitet, religion eller politisk overbevisning” (INLO 2007, mi kursivering).

**Etableringsår:** 1994 (Nødland et al. 2005:38).

**Medlemstal:** INLO er ei samanslutning av innvandrarråd. I 2004 var bestod INLO av 10 slike råd (Nødland et al. 2005:38).

**Organisering:** Paraplyorganisasjon for fylkesvise innvandrarråd som igjen består av lokale innvandrar- og kulturorganisasjonar (Nødland et al. 2005:38-39).

**Nasjonal/lokal:** Sjå punkta over.

**Aktivitetar:** Høyringssvar, organisasjonskurs, arbeid med innvandrarråd, konferansar.

**Offentlege høyringar:** På nettsidene til organisasjonen finn ein oversikt over dei høyringane INLO har svart på:

<http://www.inlo.no/Webdesk/netblast/pages/index.html?id=320113> Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om NOU 2004:20 *Ny utlendingslov*, heile NOUen (svarte ikkje). INLO var invitert til å svara på høyring NOU 2002: 12 *Rettslig vern mot etnisk diskriminering* (svarte ikkje) og invitert til høyring NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om NOU 2006: 2 *Staten og den norske kirke* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** INLO har fått stønad som landsdekkande organisasjon på innvandarfeltet i 2007, 2000 og 1995. I 2007 fekk organisasjonen 846 277 kroner.

**Nettside:** [www.inlo.no](http://www.inlo.no)

### **Støttekampanje for kvinnernas rättigheter i Irak (SKKRI)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar er SKKRI ein kvinnekritisk organisasjon. Informasjon om medlemsmasse og medlemskriterium manglar.

**Etableringsår:** Den norske avdelinga vart etablert i 1998.

**Medlemstal:** Manglar informasjon om kor vidt SKKRI er ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Støttekampanjen for kvinnernas rättigheter i Irak er den norske avdelinga av The Organisation of Women's Freedom in Iraq (OWFI). Ytterlegare informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** Internasjonal organisasjon med avdelingar i Irak, Storbritannia, Norge, Holland, Canada, Finland, Danmark og Sveits.

**Aktivitetar/politikk:** Internasjonalt arbeider organisasjonen mot vald mot kvinner og mot islamsk styre i Irak. Dei organiserer stønad til krisesenter for kvinner. SKKRI har organisert seminar om barns rettar, seminar om kvinnernas rättigar og moglegeheter i samfunnet, undersøking blant isolerte minoritetskvinner.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til høyring om tiltak mot tvangsekteskap i samband med NOU 2004: 20 *Ny utlendingslov* (svarte).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen har i 2006 fått 20 000 kroner og i 2007 fått 14 000 kroner i offentleg stønad til tiltak frå Oslo fylkeskommune gjennom støtteordninga til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn. I tillegg har SKKRI i 2006 fått 51 000 kroner i prosjektmidlar gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet i 2006 (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** [www.equalityiniraq.com](http://www.equalityiniraq.com) (internasjonal nettside, ikkje oppdatert sidan 2004)

**Kontaktperson:** Bahar Munzir

**Adresse:** P.b. 8963 Youngstorvet 0028 Oslo

## Kurdisk Kvinneforening – Norge

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namnet er Kurdisk Kvinneforening – Norge ein kvinneorgansasjon. Informasjon om medlemsmasse, medlemskriterium, føremål og aktivitetar manglar.

**Etableringsår:** Manglar informasjon.

**Medlemstal:** Manglar informasjon om kor vidt Kurdisk Kvinneforening – Norge er ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Manglar informasjon.

**Lokal/nasjonal:** Ut ifrå namnet er det naturleg å tru at organisasjonen er av nasjonal karakter.

**Aktivitetar:** Manglar informasjon.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane har Kurdisk Kvinneforening - Norge blitt invitert til høyring om ny utlendingslov (NOU 2004:20), forslag for beskyttelse mot tvangsekteskap (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottekk ikkje stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

**Kontaktperson:** Manglar informasjon.

## Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring (LLH)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå frå namn, føremål, aktivitetar og medlemsmasse er LLH ein kjønnspolitisk organisasjon. Føremålet med organisasjonen er ”å arbeide for likestilling og mot alle former for diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersoner (lhbt-personer) i Norge og verden” og ” kjempe for og forsvare den enkeltes rett til å leve ut sin seksualitet, kjærighet og sine kjønnsuttrykk”.

**Etableringsår:** 1992

**Medlemstal:** LLH er ein medlemsorganisasjon som hadde 1697 medlemmar i 2006.

**Organisasjon:** Organisasjonen er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon med landsmøte, landsstyre og sentralstyre.

**Nasjonal/lokal:** LLH er ein landsdekkande organisasjon med lokallag i heile landet.

**Aktivitetar/politikk:** LLH driv informasjonsarbeid på skular, universitet, til politikarar og offentlege myndigheiter. Organisasjonen etablerer møtestader som kafear, idrettslag, aktivitetsgrupper og foreldrenettverk. LLH arbeider for kjønnsnøytral ekteskapslov og betre diskrimineringsvern for alle minoritarar.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var LLH invitert til å delta i

høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje), organisasjonen var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte på den delen som gjeld innarbeidning av kvinnekonvensjonen). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om dei forslaga som gjaldt tiltak mot tvangsekteskap i samband med høyring om NOU 2004: 20 *Ny utlendingslov* (svarte ikkje). LLH var invitert til høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** I 2006 fekk LLH (Skeiv Verden<sup>23</sup>) 30 000 kroner i tilskot av Oslo Fylkeskommune gjennom IMDis støtteordning til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemder i lokalsamfunn. I 2007 fekk organisasjonen 40 000 kroner gjennom same stønadsordning. I 2006 fekk LLH 80 000 kroner i prosjektmidlar gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** <http://www.llh.no/>

## Landsforeningen for transkjønnete (LFTS)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå frå namn, føremål, aktivitetar og medlemsmasse er LLH ein kjønnsopolitisk organisasjon. Føremålet er å ” arbeide politisk og sosialt for at mennesker med transkjønnethet skal kunne leve åpent, uten frykt for å bli sosialt utstøtt eller diskriminert”.

**Etableringsår:** 2000

**Medlemstal:** LFTS er ein medlemsorganisasjon. I 2005 hadde organisasjonen 128 medlemmar.

**Organisasjon:** Organisasjonen er ein demokratisk oppbygd organisasjon med eit styre som er valt på årsmøtet.

**Nasjonal/lokal:** LFTS er ein landsdekkande organisasjon med lokallag i Bergen og Trondheim.

**Aktivitetar/politikk:** LFTS er ein brukarorganisasjon som arbeider for å informera om og auka kunnskapen vedrørende transkjønnethet. Organisasjonen utviklar brosjyrara, arrangerer konferansar, held kurs og føredrag og står på stand. Organisasjonen er pådrivar for eit godt og trygt behandlingstilbod i Noreg. LFTS driv førebyggande helsearbeid og arbeider for å betra livsvilkåra for transkjønna, og i denne samanhengen arrangerer organisasjonen sosiale samankomstar for medlemane. LFTS arbeider for å byggja bru mellom brukarorganisasjonar og eit fagmiljø.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen har ikkje vore invitert til eller svart på dei undersøkte høyringsrundane.

**Offentleg stønad:** LFTS får ikkje offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** <http://www.lfts.no>

---

<sup>23</sup> Skeiv Verden er ei undergruppe av LLH som arbeider for rettane til homofile innvandrarar. Sjå [www.skeivverden.no](http://www.skeivverden.no)

## **Foreningen for transpersoner, Norge (FTP Norge)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå frå namn, føremål, aktivitetar og medlemsmasse er FTP ein kjønnspolitisk organisasjon. FTP Norge er en interesseorganisasjon for transvestitter, transsekssuelle, crossdressere - alle typer transepsoner - av alle kjønn og legninger. Organisasjonen arbeider for ”frihet til å transe”.

**Etableringsår:** Foreininga vart stifta i 1966 som FPE-NE. Inntil 17. mars 2007 heitte den norske foreininga FTP Norge, der FPE stod for ”Full Personal Expression”

**Medlemstal:** FTP Norge er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** FTP Norge var tillegare ein del av ein nordisk organisasjon. I dag finst det nasjonale foreiningar i alle dei skandinaviske landa.

**Nasjonal/lokal:** FTP Norge er ein demokratisk oppbygd organisasjon med årsmøte. Organisasjonen vert leia av ei styre kalla Hovedutvalget.

**Aktivitar/politikk:** FTP Norge er ein interesseorganisasjon for transvestitter, transsekssuelle og crossdressere. Eit av føremåla med organisasjonen er at medlemmane skal kunne treffest fritt under trygge og anonyme omstende. Foreningen arrangerer jamnleg treff for medlemmane. FTP Norge kan formidla rådgjeving om transvestisme og kjønnsroller, og hjelpe til og løysa familie- og/eller sosiale problem som har oppstått på grunn av transvestisme.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen har ikkje vore invitert til eller svart på dei undersøkte høyringsrundane.

**Offentleg stønad:** FTP Norge får ikkje offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** <http://www.transe.no>

## **Minhaj Kvinneforum**

Minhaj Kvinneforum er ei muslimsk kvinnegruppe. Sjå under religiøse organisasjonar side 54.

## **MIRA Ressurssenter for Innvander- og flyktningkvinner (MiRA-senteret)**

Sjå under kjønnspolitiske organisasjonar side 37.

## **Nettverk for kvinner med Funksjonshemming**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Nettverk for kvinner med Funksjonshemming er ein landsdekkande organisasjon som arbeider med problemstillingar relatert til kjønn og funksjonshemming. Ut ifrå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Nettverk for kvinner med Funksjonshemming ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1997.

**Medlemstal:** 200.

**Organisasjon:** Nettverket blir leia av ei styringsgruppe på 6 personar som møtest 3-4 gonger i året. Nettverket har i tillegg to prosjektleiarar. Organisasjonen er tislutta FOKUS.

**Lokal/nasjonalt:** Nettverket er landsdekkande.

**Aktivitar:** Nettverket er ein møteplass for funksjonshemma kvinner. Dei driv informasjonsarbeid og prosjektbasert verksemder om mellom anna vald mot kvinner og

arbeider for å fremja kjønnsperspektiv i foreiningar for funksjonshemma.

**Offentlege høyringar:** Nettverket står ikkje på lista over høyringsinstansar i samband med nokre av dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk 50 000 kroner til likestillingsspolitisk opplysningsarbeid og 10 000 i reisestipend i 2000 (BFD).

**Nettsider:** <http://www.kvinnenettverk.net/>

## Norggå Sàrhakkà

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Norggå Sàrhakkà ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1988 (Wiik 2000:76).

**Medlemstal:** Norggå Sàrhakkà er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Norggå Sàrhakkà organiserer samiske kvinner på tvers av landegrensene på Nordkalotten (Noreg, Sverige, Finland og Russland). I ein periode hadde organisasjonen aktive avdelingar i fire land. No er det berre organisasjonen i Noreg som er aktive (Samis 2007).

**Nasjonal/lokal:** Regional (Sàpmi) på tvers av landegrensene i regionen.

**Aktivitetar/politikk:** Organisasjonen fokuserer på samarbeid mellom samiske kvinner i Barentsregionen. Dei arbeider for å organisera urbefolkningskvinner i heile verda og driv rådgjeving og rettleiing for kvinner i reindrifta (Wiik 2000:76).

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77 2000-2001) (svarte ikkje) og var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring om *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31).

**Offentleg stønad:** Norggå Sàrhakkà fekk offentleg stønad frå Sametinget i 1995, 2000 og 2007.

**Kontaktperson:** Kirsti Synnøv Suongir.

**Adresse:** Holmesund, 9845 Deatnu/Tana.

**E-post:** [nitroste@online.no](mailto:nitroste@online.no)

## Nett BK - Nettverk for Bosniske kvinner i Norge

**Kvinne og kjønnsprofil:** Ut ifrå namnet er dette ein etnisk/nasjonalt basert kvinneorganisasjon. Informasjon om medlemsmasse, medlemskriterium, aktivitetar og føremål manglar.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** Informasjon manglar.

**Organisasjon:** Nett BK er tilslutta FOKUS (2007b). Informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** Namnet tilseier at dette er ein organisasjon av nasjonal karakter.

**Aktivitetar:** Manglar informasjon.

**Offentlege høyringar:** Nettverket står ikkje på lista over høyringsinstansar i samband med nokre av dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottek ikkje stønad gjennom dei undersøkte

stønadsordningane.

**Kontaktperson:** Sanja Dzanic

**Adresse:** Enoksvei 31, 1181 Oslo

**E-post:** nettbk@online.no<sup>24</sup>

### **Nettverk for Øst-Timors kvinner (NET)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namnet er dette ein etnisk basert minoritetskvinneorganisasjon. Informasjon om medlemsmasse, medlemskriterium, aktivitetar og føremål manglar.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** Informasjon manglar.

**Organisasjon:** NET er tilslutta FOKUS (2007b). Informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** Tilgjengeleg informasjon gjev ikkje grunnlag for å avgjera om organisasjonen er lokal eller nasjonal.

**Aktivitetar:** Manglar informasjon.

**Offentlege høyringar:** Nettverket står ikkje på lista over høyringsinstansar i samband med nokre av dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottek ikkje stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

**Adresse:** PB 1049 Sentrum, 5808 Bergen

### **Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har NOAS ein viss kjønnsdimensjon i arbeidet sitt. NOAS er ein interesseorganisasjon for asylsøkjarar som fokuserer spesielt på kjønnsbasert forfølging og menneskehandel.

**Etableringsår:** 1994

**Medlemstal:** NOAS er ein medlemsorganisasjon. I 2003 hadde organisasjonen 469 betalande medlemmar (Nødland et al. 2005:43).

**Organisering:** For informasjon om organisasjonsstruktur, sjå Nødland et al (2005:43)

**Nasjonal/lokal:** Landsdekkande organisasjon.

**Aktivitetar:** Informasjon og hjelp til asylsøkjarar, engasjement i flyktningspørsmål og rasisme.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å delta i høyring om NOU 2006: 2 *Staten og den norske kyrkje* og høyring om NOU 2004: 21 *Ny utlendingslov* inkludert den delen om tvangsekteskap (svarte). NOAS var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørende innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje).

Organisasjonen var invitert til høyring om NOU 2002: 12 *Rettslig vern mot etnisk diskriminering* (svarte ikkje) og invitert til høyring NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** NOAS fekk offentleg stønad gjennom IMDi som nasjonal innvandrarorganisasjon i 2007 og 2000. I 2007 fekk organisasjonen 1.804.277 kroner

<sup>24</sup> Stipendiat Cecilie Thun fekk ikkje kontakt med organisasjonen korkje på e-post eller per post då ho tok kontakt i august 2007. Dette tyder på at kontaktinformasjonen ikkje er oppdatert.

gjennom den stønadsordninga.

**Nettside:** [www.noas.no](http://www.noas.no)

## **Organisasjonen mot offentlig diskriminering (OMOD)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har OMOD ein viss kjønnsprofil.

Organisasjonen mot offentleg diskriminering (OMOD) har som hovudføremål å arbeida for rettstryggleik for personar med minoritetsbakgrunn i Noreg og heva kompetansen i det offentlege med omsyn på Noreg som eit multietnisk samfunn. OMOD har likestilling og minoritetskvinner som eige tema på sine nettsider

[http://www.omod.no/norsk\\_saks\\_likestilling.htm](http://www.omod.no/norsk_saks_likestilling.htm)

**Etableringsår:** 1992.

**Medlemstal:** OMOD er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** OMOD er ein frivillig uavhengig organisasjon som ligg i Oslo. Meir informasjon om organisasjonsstruktur er ikkje å finna på nettsidene til organisasjonen.

**Nasjonal/lokal:** Organisasjonen held til i Oslo med får stønad som landsdekkande organisasjon på innvandrarfeltet.

**Aktivitetar/tilbod:** OMOD er eit servicekontor for personar som meiner dei er utsette for offentleg diskriminering. Organisasjonen driv rettshjelp, kriminalitetsførebyggande arbeid. I tillegg er OMOD informasjonsleverandør og tek på seg oppdrag og utarbeider rapportar. Organisasjonen driv haldningsskapande arbeid i høve til det offentlege.

**Offentlege høyringar:** OMOD har svart på ei rekke offentlege høyringar. Sjå oversikt på senterets eigne sider: [http://www.omod.no/norsk\\_info.htm](http://www.omod.no/norsk_info.htm) Av dei undersøkte høyringane var OMOD invitert til høyring om *Staten og den norske kirke* NOU 2006:2 (svarte ikkje), NOU 2004:20 *Ny utlendingslov* (inkludert delen som gjaldt tiltak mot tvangsekteskap (svarte ikkje), høyring om rettsleg vern mot etnisk diskriminering (NOU 2002:12) (svarte) og høyring om NOU 2003:31 *Retten til eit liv uten vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** OMOD har fått offentleg driftsstønad som landsdekkande innvandrarorganisasjon både i 2007 (1.324.277 kroner) og 2000. I 2006 fekk OMOD 25 000 kroner i stønad til tiltak frå Oslo fylkeskommune gjennom IMDIs støtteordning til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn. OMOD fekk dessutan stønad som nasjonal organisasjon på innvandrarfeltet i 1995.

**Nettside:** [www.omod.no](http://www.omod.no)

## **Sámi NissonForum – Samisk KvinneForum (SNF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** ut ifrå namn, medlemskriterium, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er SNF ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** SNF starta som eit uformelt nettverk 1993 og var formelt danna i 1998 (Samis 2007).

**Medlemstal:** SNF er ein medlemsorganisasjon. Samiske kvinner kan vera fullverdige medlemmar i organisasjonen. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Sámi NissonForum (Samisk KvinneForum) er ein samisk kvinneorganisasjon som organiserer kvinner i heile det samiske området. Styret i organisasjonen består av kvinner frå Norge, Sverige, Finland og Russland. SNF arbeider for å få etablert eit organisasjonssekretariat (Lindi 2003; Wiik 2000:75).

**Nasjonal/lokal:** SNF er ein regional organisasjon som organiserer kvinner i Sàpmi på tvers av landegrensene.

**Aktivitetar:** Deltaking på FNs Permanente Forum for Urfolk i New York våren 2004, gjev ut tidsskriftet Gábá, årlege seminar, deler ut likestillingspris (2005). SNF arbeider for kvinnerepresentasjon i Sametinget og for å styrka kvinners påverknad i alle delar av det samiske samfunnet. SNF arbeider for fokus på samisk historie og kulturarv (Lindi 2003).

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje). SNF var invitert til høyring om *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31).

**Offentleg stønad:** I 1995 fekk organisasjonen 10 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i samarbeid med Kvinnelista i Karasjok. SNF fekk offentleg stønad frå Sametinget i 1995, 2000 og 2007. SNF søkte om stønad til internasjonalt arbeid i 1995 (Barne- og likestillingsdepartementet), men fekk avslag. Tidsskriftet Gábá fekk 15 000 kroner frå BFD i 2000 til likestillingspolitisk opplysningsarbeid. Organisasjonen fekk dessutan utbetalt 15 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 etter klage (BFD).

**Kontaktperson:** Gudrun Eriksen Lindi

**Adresse:** Postboks 110, 9730 Karasjok.

**E-post:** [gudrun.lindi@e-vei.no](mailto:gudrun.lindi@e-vei.no)

### **Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har SEIF ein kjønnsdimensjon. Selvhjelp for innvandrere og flykninger (SEIF) har som mål ”å hjelpe våre nye borgere til å finne fram i det norske samfunnet og tilegne seg nok informasjon til å løse egne problemer”. SEIF er ein landsdekkande innvandrarorganisasjon som sjølv framhever at dei har ein tydeleg kvinnekjønnsprofil. Organisasjonen fokuserer spesielt på arbeid mot omskjering og tvangsekteskap.

**Etableringsår:** 1986.

**Medlemstal:** SEIF er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** SEIF er ein uavhengig frivillig organisasjon med regionskontor i Oslo, Kristiansand, Ålesund, Trondheim og Bergen. SEIF manglar eit eksternt styre og er styrt av administrasjonen (Nødland et al. 2005:12). Gerd Fleischer er leiar for organisasjonen.

**Nasjonal/lokal:** SEIF er ein landsdekkande organisasjon med regionale kontor i Oslo, Kristiansand, Ålesund, Trondheim og Bergen.

**Aktivitetar:** Informasjon og hjelp til innvandrarar, krisetelefon mot kjønnslemlestelse, ”Mellom barken og veden” – informasjon og hjelp til ungdom i krise, oppfølging av ungdom som har brote med familien, arbeid blant Rom-folket

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var SEIF invitert til høyring om *Ny utlendingslov* (NOU 2004:20), både den heilsapelege NOUen og den spesielle delen som gjeld tiltak mot tvangsekteskap (svarte). SEIF var invitert til høyring om rettsleg vern mot etnisk diskriminering (NOU 2002:12) (svarte ikkje) og *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** SEIF har fått offentleg driftsstønad som landsdekkande innvandrarorganisasjon både i 2007 og 2000. I 2007 fekk organisasjonen 1.734.277

kroner gjennom denne stønadsordninga. I tillegg har organisasjonen fått 30 000 kroner i høvesvis 2006 og 2007 i stønad frå Oslo fylkeskommunegjennom støtteordninga til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn. På nettsidene til SEIF, i årsrapportane, kan ein finna meir detaljert informasjon om den offentlege stønaden organisasjonen har motteke. SEIF fekk dessutan stønad som nasjonal innvandrarorganisasjon i 1995.

**Nettside:** <http://www.seif.no/>

### **Somaliland Women's Solidarity**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namnet er Somaliland Women's Solidarity ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** Manglar informasjon.

**Medlemstal:** Manglar informasjon.

**Organisering:** Manglar informasjon.

**Nasjonal/lokal:** Manglar informasjon.

**Aktivitetar/politikk:** Manglar informasjon.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om NOU 2004: 20 *Ny utlendingslov*, den delen som gjaldt tvangsekteskap (svarte).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen har ikkje fått offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** [www.somaliland.org](http://www.somaliland.org) (nettsida er på somalisk)

### **SOS Rasisme**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har SOS Rasisme ein viss kjønnsdimensjon. Organisasjonen har eigne temasider om kvinnediskriminering.

**Etableringsår:** 1985 (Nødland et al. 2005:47).

**Medlemstal:** SOS Rasisme er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisering:** Demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon med landsmøtet som høgste organ (Nødland et al. 2005:47).

**Nasjonal/lokal:** Landsdekkande organisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** Lokallagsaktivitetar, aktivisme, informasjonsarbeid og politisk arbeid.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om NOU 2004: 21 *Ny utlendingslov* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** SOS har fått offentleg stønad som landsdekkande organisasjon på innvandarfeltet i 2007 ( 564 277 kroner) og i 2000.

**Nettside:** <http://www.sos-rasisme.no/>

### **Åpen kirkegruppe for lesbiske og homofile**

Åpen kirkegruppe er ein religionsbasert organisasjon for seksuelle minoritetar. Sjå under Religiøse organisasjonar side 56.

## **Religiøse organisasjonar**

### **Aglow International Noreg**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå medlemsmasse, føremål og aktivitetar ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1967 (først etablert i USA). Stifta i Noreg i 1979 (Wiik 2000:10).

**Medlemstal:** Aglow Noreg er ein medlemsorganisasjon, men informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Nasjonalstyret består av seks kvinner som har som oppgåve å binda dei lokale gruppene saman og representera den norske avdelinga av Aglow i internasjonale samanhengar. Både nasjonalstyret og dei lokale styra har tre eller fleire mannlige rådgjevarar.

**Nasjonal/lokal:** Aglow er ein internasjonal organisasjon med ei nasjonal avdeling. Den norske avdelinga er ein landsdekkande organisasjon med lokale grupper rundt om i landet.

**Aktivitetar:** Aglow er eit sosialt fellesskap og religiøst fellesskap. Organisasjonen arrangerer konferansar og lokale møter og gjev ut bladet *Aglow-nytt*.

**Høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var Aglow International Norge blant høyringsinstansane i høying om revidering av Likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77, 2000-2001) (svarte ikkje), høying om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje) og høying om NOU 2003:31 *Retten til eit liv uten vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Aglow fekk 10 000 kroner i stønad til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid i 1995 (Barne- og familidepartementet).

**Nettside:** [www.aglownorge.org](http://www.aglownorge.org)

### **De norske Baptisters kvinneforbund**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er De norske Baptisters kvinneforbund ein religiøs kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1916 (Wiik 2000:15).

**Medlemstal:** Om lag 700 medlemmar i 2000 (Wiik 2000:15).

**Organisasjon:** Forbundet er ein del av Det Norske Baptistsamfunn. De norske Baptisters kvinneforbund er tilslutta FOKUS (2007b).

**Lokal/nasjonal:** Organisasjonen er nasjonal og har aktive grupper i 18 fylker (Wiik 2000:15).

**Aktivitetar:** Organisasjonen støtter misjonsverksemد og organiserer kurs, konferansar og aktivitetar knytt til det lokale menighetsarbeidet (Wiik 2000:15).

**Offentlege høyringar:** De norske Baptisters kvinneforbund har ikkje delteke i dei undersøkte høyringsrundane.

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottek ikkje stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Kontaktperson:** Synnøve Gåsvær Angen.

**Adresse:** Neufeldsgate 26, 7030 Trondheim.

**E-post:** [sangen@c2i.net](mailto:sangen@c2i.net)

**Nettside:** [http://www.baptist.no/php/viewpage.php?page\\_id=12](http://www.baptist.no/php/viewpage.php?page_id=12) (førebels finns det ikkje informasjon på desse nettsidene).

## **Det hvite bånd - norske kvinners kristne avholdsforening**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Det hvite bånd ein kristen kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1889.

**Medlemstal:** Det hvite bånd er ein medlemsorganisasjon. Dei hadde om lag 4000 medlemmar i 2000 (Wiik 2000:20).

**Organisasjon:** Norske kvinners kristne avholdsforbund er tilslutta Worlds Womans Christian Temperance Union (WWCTU). Organisasjonen er tilslutta FOKUS (2007b).

**Nasjonal/lokal:** Det hvite bånd er ein nasjonal organisasjon med lokale foreningar rundt om i landet.

**Aktivitetar:** Organisasjonen eig og driv eit behandlingssenter. Dei gjev ut bladet Det hvite bånd og driv diverse sosialt arbeid, informasjonsarbeid, studiearbeid/seminar og besøksteneste. Det hvite bånd arbeider for å avgrensa tilgangen på rusgifter. Dei arbeid blant barn og unge og støtter internasjonale bistandsprosjekt:

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen er ikkje blant høyningsinstansane i dei undersøkte høyingsrundane.

**Offentleg stønad:** I 1990 og 1995 fekk Det hvite bånd fekk 10 000 kroner til internasjonalt arbeid av Barne- og familidepartementet (BFD). Organisasjonen fekk 10 000 kroner i reisestipend frå BFD i 2000.

**Nettside:** <http://www.hviteband.no/>

## **Islamisk kvinnegruppe Norge (IKN)**

Sjå nedlagte organisasjonar side 117.

## **Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har KIA ein kjønnsdimensjon. KIA er ein kristen organisasjon som får stønad som landsdekkande innvandrarorganisasjon og arbeider innvandrarar, flyktningar og asylsøkjarar. Organisasjonen har ein del eigne aktivitetar og tilbod for kvinner (Nødland et al. 2005).

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** KIA har organisasjonar som medlemmar, men oversikt over kva organisasjonar som er tilslutta KIA finst ikkje på organisasjonens nettsider.

**Organisasjon:** KIA har eit landskontor i Stavanger samt regionskontor i Trondheim, Telemark, Møre, Rogaland, Oslo, Buskerud, Bjørgvin og Agder. Landskontoret er eit bindeledd mellom medlemsorganisasjonane, regionskontora og det offentlege.

**Nasjonal/lokal:** KIA er ein landsdekkande organisasjon.

**Aktivitetar:** KIA driv sosialt arbeid og hjelpetiltak og gjev ut magasinet KIA Interkultura. Av kvinnerelaterte tiltak tilbyr KIA norskurs for kvinner i Oslo, samtalegrupper for kvinner, tverrkulturell kvinnegruppe.

**Offentlege høyringar:** KIA var invitert til å svara på høyring om *Staten og den norske kirke* NOU 2006:2 (svarte ikkje) og NOU 2004:20 *Ny utlendingslov* (svarte ikkje).

Organisasjonen var invitert til høyring om heile NOUen, samt dei forslaga som gjaldt tvangsekteskap (svarte ikkje). KIA var invitert til høyring om rettsleg vern mot etnisk diskriminering (NOU 2002:12), både den heilskapelege NOUen og det særskilte høyingsbrevet om unntak for indre tilhøve i trussamfunn (svarte ikkje) og *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** KIA får offentleg stønad gjennom IMDi som landsdekkande innvandrarorganisasjon. I 2007 fekk organisasjonen 1.185.780 kroner gjennom denne stønadsordninga. I tillegg har organisasjonen i 2006 fått prosjektstønad av Hordaland (15 000 kroner) Vest-Agder (25 000 kroner) og Telemark (45 000 kroner) fylkeskommune gjennom støtteordninga for lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn.

**Nettside:** [www.kianorge.no](http://www.kianorge.no)

## Kristent Mannsarbeid (KM)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål, medlemsmasse og aktivitetar er KM ein mandsorganisasjon. KM er ein religiøs organisasjon for menn. Føremålet med KM er å oppmuntra menn til innsats og ansvar i heim, skole, kristelig verksemd og samfunn.

**Etableringsår:** 1949.

**Organisasjon:** KM er ei laust organisert rørsle og ikkje ein medlemsorganisasjon. Rådet (styret) er valt av årsmøtet. Arbeidsutvalet har det daglege ansvaret for organisasjonen.

**Nasjonal/lokal:** KM er ei landsdekkande rørsle med 400 lokale grupper rundt om i landet.

**Aktivitetar:** Samtalegrupper, inspirasjonssamling (årsmøte), turgrupper, bibel- og føredragssamlingar.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane svarte KM på høyring om *Staten og den norske kirke* NOU 2006:2.

**Nettside:**

<http://www.mamut.com/homepages/Norway/2/14/kristentmannsarbeid/default.htm>

## Minhaj Kvinneforum og Minhaj Sisters

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namnet er Minhaj Kvinneforum og Minhaj Sisters ein kvinneorganisasjon. Minhaj Sisters er ei islamsk gruppe for unge jenter (12-20 år).

**Etableringsår:** Manglar informasjon.

**Medlemstal:** Manglar informasjon.

**Organisasjon:** Minhaj Kvinneforum og Minhaj Sisters er organisasjonar under den internasjonale intresseorganisasjonen Idara Minhaj Ul Quran. Minhaj Sisters arbeider hovedsakelig med prosjekter gitt av Minhaj Kvinneforum, men har òg sine egne prosjekt.

**Nasjonal/lokal:** Internasjonal organisasjon. Manglar informasjon om kor vidt den norske avdelinga er lokalt eller nasjonalt basert.

**Aktivitetar:** Formidla kunnskap om Islam og integrering i det norske samfunnet, hjelp til vanskelegstilte, styrka sosiale nettverk, religiøs rettleiing, rådgjeving i samband med diskriminering.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen er ikkje blant høyningsinstansane i dei undersøkte høyingsrundane.

**Offentleg stønad:** Minhaj kvinneforum fekk stønad til drift og tiltak av Oslo Fylkeskommune gjennom IMDis støtteordning til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn i 2006. I 2006 fekk Minhaj Kvinneforum 15 000 kroner i prosjektmidlar gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet i 2006 (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:**

[http://www.minhaj.no/minhaj/index.php?option=com\\_content&task=view&id=15&Itemid=28](http://www.minhaj.no/minhaj/index.php?option=com_content&task=view&id=15&Itemid=28)

## Mosaisk kvinneforbund og WIZO

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namn og medlemsmasse er Mosaisk kvinneforbund ein religiøs kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1931.

**Medlemstal:** 240.

**Organisasjon:** Mosaisk kvinneforbund er den norske avdelinga av Women's International Zionist Organization (WIZO). Informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** Mosaisk kvinneforbund og WIZO har grupper i Oslo og Trondheim.

**Aktivitetar:** Sosialt og humanitært arbeid. Styrke jødiske samfunn i heile verda.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var Mosaisk kvinneforbund blant høyringsinstansane i høying om revidering av Likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77, 2000-2001) (svarte ikkje) og høying om NOU 2003:31 *Retten til eit liv uten vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottek ikkje stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** <http://www.dmt.oslo.no/organisasjoner/wizo.html>

## Norsk økumenisk kontaktforum for kvinner (NØKK)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namnet er NØKK ein kvinneorganisasjon. NØKK er eit tverrkirkjeleg kontaktforum for kvinner.

**Etableringsår:** 1988 (Wiik 2000:68).

**Medlemstal:** Medlemane i forumet er oppnemnt frå dei ulike kyrkjesamfunna (Wiik 2000:68).

**Organisasjon:** Organisasjonen har i dag seks kyrkjesamfunn som medlemmar. Kvart samfunn utnemner 2-5 representantar til NØKK. Styret består av fem personar frå ulike kyrkjesamfunn. NØKK har medlemmar frå Det Norske Baptistsamfunn, Det Norske Misjonsforbund, Frelsesarméen, Hellige Nikolai Ortodokse Menighet, Metodistkirken i Norge og Syvendedags Adventistsamfunnet. Alle registrerte kyrkjesamfunn kan bli medlemmar av NØKK.

**Lokal/nasjonal:** Organisasjonen er av nasjonal karakter.

**Aktivitetar:** Føremålet er mellom anna å læra om kvarandre sine kyrkjesamfunn. NØKK arrangerer årsmøte og faglege seminar. I 2007 arrangerte NØKK eit fagleg seminar om trafficking.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var NØKK blant høyringsinstansane i høying om revidering av Likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77, 2000-2001) (svarte ikkje). NØKK var invitert til å svara på høying om revidering av likestillingslova Ot.prp. nr. 35 (2004-2005), den delen som gjaldt innarbeiding av kvinnekonvensjonen (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høying om NOU 2003:31 *Retten til eit liv uten vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** NØKK mottek ikkje offentleg stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane. NØKK søkte om stønad til internasjonalt arbeid i 1995 (Barne- og

familiedepartementet) men fekk avslag.

**Nettside:** <http://www.norgeskristnerad.no/index.cfm?id=102174>

## **Norges Katolske Kvinneforbund (NKKF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, aktivitetar, medlemsmasse og medlemskriterium er Norges Katolske Kvinneforbund ein kvinneorganisasjon. Føremålet med forbundet er ”å styrke kontakten mellom katolske kvinner i vårt land og å representere dem utad i ulike sammenhenger”. Alle katolske kvinner kan bli medlem.

**Etableringsår:** 1924.

**Medlemstal:** NKKF er ein medlemsorganisasjon. Manglar informasjon om medlemstal.

**Organisasjon:** NKKF er tilslutta NØKK og FOKUS. ”NKKF holder rådsmøte hvert år og landsmøte hvert tredje år. Rådet består av styret og regionsrepresentanter. Disse velges på landsmøtet. Alle medlemmer kan forøvrig møte på rådsmøtene og landsmøtene”.

**Nasjonal/lokal:** Landsdekkande organisasjon med lokale grupper i Oslo, Trondheim og Tromsø.

**Aktivitetar/politikk:** Gjev ut NKKF-nytt, arrangerer føredrags- og diskusjonsmøte, er høyningsinstans i saker som gjeld kvinner. Organisasjonen deltek aktivt i internasjonalt kvinnedesarbeid.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen har ikkje vore invitert til eller svart på dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** Norges Katolske Kvinneforbund fekk 8000 kroner til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid i 1990 (Barne- og familiedepartementet). Organisasjonen fekk 10 000 kroner til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid i 1995 (BFD).

**Nettside:** <http://www.katolsk.no/nkkf/>

## **Åpen kirkegruppe for lesbiske og homofile**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og medlemsmasse har Åpen kirkegruppe for lesbiske og homofile ein kjønnspolitisk profil. ”Åpen Kirkegruppe for lesbiske og homofile er et kristen fellesskap for lesbiske og homofile”.

**Etableringsår:** Manglar informasjon.

**Medlemstal:** Gruppa er ein medlemsorganisasjon. Manglar informasjon om medlemstal.

**Organisasjon:** Manglar informasjon.

**Nasjonal/lokal:** Gruppa er nasjonal.

**Aktivitetar/politikk:** Gruppa driv nasjonalt- og internasjonalt informasjonsarbeid retta mot kyrkjer og menigheter, arrangerer messe kvar fredag og arrangerer festar.

**Offentlege høyringar:** Gruppa var invitert til å svara på NOU 2006: 2 *Staten og den norske* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Gruppa motteik ikkje stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** [www.apenkirkegruppe.org](http://www.apenkirkegruppe.org)

## **Sosiale, humanitære eller hjelpeorganisasjonar**

### **Ammehjelpen**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå medlemsmasse, føremål og aktivitetar/tilbod er Ammehjelpen ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1968 (Halsaa 1991:13; Wiik 2000:12).

**Medlemstal:** Ammehjelpen er ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Sekretariatet har ansvar for den daglege drifta av organisasjonen og er bindeleddet mellom lokalorganisasjonen og sentralstyret. Informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** Ammehjelpen er ein landsdekkande organisasjon med lokale grupper i Bergen, Trondheim, Larvik/Sandefjord og Bodø.

**Aktivitetar/politikk:** Ammehjelpen er ein frivillig organisasjon som arbeider med informasjon om og hjelp til amming. Organisasjonen organiserer boikottkampanje mot Nestlé, gjev ut tidsskriftet Ammenytt og driv kursverksemd og barselgrupper.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje), høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje), NOU 2003: 31 *Retten til et liv uten vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Ammehjelpen mottekkje stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

**Nettside:** [www.ammehjelpen.no](http://www.ammehjelpen.no)

## **Amnesty International Norge**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar er Amnesty International Norge ein organisasjon med ein viss kjønnsprofil. Amnesty International er ein internasjonal menneskerettsorganisasjon som dei siste åra har profilert seg tydeleg på kjønnsspørsmål og likestilling blant anna gjennom ein kampanje om vald mot kvinner.

**Etableringsår:** 1961 (internasjonal).

**Medlemstal:** Amnesty er ein medlemsorganisasjon. Manglar informasjon om medlemstal.

**Organisering:** Demokratisk organisasjon med landsmøtet som høgste organ.

**Nasjonal/lokal:** Amnesty International Norge er ein landsdekkande organisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** Hovudfokuset er på menneskerettar. Organisasjonen har mange kampanjar med ulikt tematisk fokus. Sjå nettsider for meir informasjon.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var Amnesty invitert til å svara på høyring om NOU 2004:20 *Ny utlendingslov*, heile NOUen og i tillegg dei forslaga som gjaldt tiltak mot tvangsekteskap (svarte ikkje), høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Amnesty var invitert til høyring om NOU 2002: 12 *Rettslig vern mot etnisk diskriminering* (svarte ikkje) og invitert til høyring NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om NOU 2006: 2 Staten og den norske krike (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Amnesty har ikkje motteke stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** [www.amnesty.no](http://www.amnesty.no)

## **Care Norge**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål og aktivitetar er Care ein organisasjon med ein tydeleg kvinneprofil. Care er ein internasjonal hjelpeorganisasjon som fokuserer spesielt

på bistand retta mot kvinner.

**Etableringsår:** 1980.

**Medlemstal:** Care er ein bistandsorganisasjon med moglegheit for individuelt medlemsskap. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Alle som i løpet av eit år gjev kr. 1500,- eller meir har fulle medlemsrettar i organisasjonen. Då vil ein få innkalling til årsmøte og har full stemmerett.

**Nasjonal/lokal:** Care Norge er den nasjonale avdelinga av Care International.

**Aktivitetar/politikk:** Care er ein bistandsorganisasjon som bygg på lokalbefolkningens føresetnader, tradisjonar og behov. Organisasjonen søker i alle tiltak å ta særleg omsyn til kvinnernas rolle i samfunnet og utviklingsprosessen.

**Offentlege høyringar:** Care var invitert til å delta i høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje), høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje) og høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Care Norge fekk avslag på søknad om offentleg stønad i 2000 (Barne- og familidepartementet). Organisasjonen har altså ikkje motteke stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** [www.care.no](http://www.care.no)

## Foreningen Menn og Omsorg

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar har Foreningen Menn og Omsorg ein kjønnspolitiske profil.

**Etableringsår:** 2005.

**Medlemstal:** Manglar informasjon om kor vidt Foreningen Menn og Omsorg er ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Manglar informasjon om organisasjonsstruktur og drift.

**Nasjonal/lokal:** Informasjon manglar.

**Aktivitetar/politikk:** Foreningen for Menn og Omsorg driv ein nettstad og ein krise- og rådgjevingstelefon. Dei søker økonomisk stønad for å tilby tenester som personlig bistand for fedrar som har blitt utsett for samværssabotasje, falske anklager om vold, voldtek og incest, barnebortføring og liknande.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane *svarte* organisasjonen på høyring om NOU 2004:20 *Ny utlendingslov*. Organisasjonen var invitert til å svara på NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen har ikkje motteke offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane

**Nettside:** <http://www.kriesenter.org/>

## Fødsel i fokus

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål og aktivitetar er Fødsel i fokus primært ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** Fødsel i fokus er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Fødsel i fokus har eit landskontor i Oslo. Organisasjonen har eit nettverk av distriktskontaktar rundt om i landet, samt emnekontaktar som er fagpersonar på sine område.

**Nasjonal/lokal:** Fødsel i fokus er ein landsdekkande organisasjon med lokale grupper i Vestfold og Østfold.

**Aktivitetar/politikk:** Organisasjonen arbeider med informasjon om naturleg fødsel, forelderskap og valfridom i fødselsomsorg. Dei driv informasjonsverksemd og lokale grupper og gjev ut Fødsel i fokus-bladet.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var invitert til å delta i høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk avslag på søknad om stønad i 2000 (Barne- og familidepartementet) og har elles ikkje teke imot offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** <http://www.fodsel-i-fokus.org/>

## Inner Wheel Norge

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå medlemsmasse og medlemskriterium er Inner Wheel Norge ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1935.

**Medlemstal:** Inner Wheel Norge er ein medlemsorganisasjon som sjølv oppgjev at dei har 2200 medlemmar. Inner Wheel Norge er ein medlemsorganisasjon med særskilte medlemskriterium: ” Gjennom ekteskap, samboerskap eller annen nær tilknytning til et medlem av Rotary<sup>25</sup>, Rotaract eller Inner Wheel kan en kvinne bli medlem”.

**Organisasjon:** Inner Wheel har sitt utspring i Rotary. Rådet og rådspresidenten er den høgste myndigheita i organisasjonen.

**Nasjonal/lokal:** Inner Wheel er ein internasjonal organisasjon med avdeling i Noreg.

**Aktivitetar/politikk:** Organisasjonen fokuserer på vennskap og nettverksbygging nasjonalt og internasjonalt, dei held føredrag har internasjonale og nasjonale hjelpeprosjekt.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje) og høyring om revidering av likestillingslova og stod på den eigne høylingslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottek ikkje offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** <http://innerwheel-norge.org/Hjem.shtml>

## Interesseggruppa for kvinner med spiseforstyrrelser (IKS)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, medlemskriterium, føremål og aktivitetar er IKS ein kvinneorganisasjon.

---

<sup>25</sup> The mission of The Rotary Foundation is to enable Rotarians to advance world understanding, goodwill and peace through the improvement of health, the support of education and the alleviation of poverty. The Rotary Foundation is a not-for-profit corporation that is supported solely by voluntary [contributions](#) from Rotarians and friends of the Foundation who share its vision of a better world.

<http://www.rotary.org/foundation/about/index.html> (Lesedato 25.09.07).

**Etableringsår:** 1987.

**Medlemstal:** Organisasjonen er ein medlemsorganisasjon for kvinner. Menn kan vera støttemedlemmar. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** IKS er ein landsomfattande sjølvhjelpsorganisasjon for kvinner med spiseforstyrrelser. Føremålet med organisasjonen er å hjelpe kvinner med spiseforstyrrelser, informera om temaet og arbeida for eit betre behandlingstilbod. IKS er ein demokratisk oppbygd organisasjon med landsmøtet som høgste organ.

**Nasjonal/lokal:** Informasjon manglar.

**Aktivitetar/politikk:** Informasjons- og krisetelefon, sjølvhjelpsgrupper, sommarleir, kurs, temakveldar. Organisasjonen gjev ut medlemsbladet *Kvinnekraft*.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingslova Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje), høyring om revidering av likestillingslova og stod på den eigne høyringslista vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** IKS har ikkje motteke stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

**Nettside:** <http://www.iks.no/>

### **Jentevakta i Trondheim**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, aktivitetar og brukargrupper er Jentevakta i Trondheim eit kvinne- og kjønnspolitisk tiltak. Jentevakta er ein hjelpetelefon av og for unge jenter. Ein kan ringa jentevakta for å snakka om ting som forelskelse, venner, sex, voldtekta, incest, sjølvskading, spiseforstyrrelser, mobbing, sjølvmord, familieproblem, rus eller liknande.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** Jentevakta er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Jentevakta er ein partipolitisk og religiøst uavhengig gruppe knytt til Krisesenteret i Trondheim. Informasjon om organisering manglar.

**Lokal/nasjonal:** Jentevakta er eit lokalt tiltak med avdelingar i Trondheim og i Sør-Helgeland.

**Aktivitetar:** Krisetelefon, haldningsskapande arbeid på skular, konfirmantundervisning og andre arrangement.

**Offentlege høyringar:** Jentevakta har ikkje delteke i dei undersøkte høyringsrundane.

**Offentleg stønad:** Jentevakta mottek ikkje offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** [www.jentevakta.com](http://www.jentevakta.com)

### **Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, kriterium for tilsetting, føremål og aktivitetar er JURK ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon.

**Etableringsår:** 1974.

**Medlemstal:** JURK er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Til ei kvar tid er det omlag 16 medarbeidarar som arbeider på JURK, delvis lønna og delvis som frivillig arbeid. Medarbeiderne arbeider i eitt år og fire

månader.

**Nasjonal/lokal:** JURK held til i Oslo, men arbeider rettspolitisk med spørsmålsstillinga av nasjonal karakter.

**Aktivitetar/politikk:** Organisasjon driv med rettshjelp for kvinner, rettspolitisk arbeid for å betra kvinnernas stilling, rettsinformasjon, informasjonskampanjar ved skular og i moskear.

**Offentlege høyringar:** JURK har svart på ei rekke offentlege høyringar. Sjå oversikt på organisasjonens eigne heimesider: <http://www.jurk.no/horinger/index.shtml> Av dei undersøkte høyringane var JURK invitert til å delta i høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje) og *Ny utlendingslov* (NOU 2004:20) Organisasjonen var invitert til høyring om heile NOUen, samt dei forslaga som gjaldt tvangsekteskap (svarte). JURK var invitert til høyring om rettsleg vern mot etnisk diskriminering (NOU 2002:12) (svarte), høyring om revidering av likestillingslova og stod på den eigne høyringslista vedrørende innarbeiding av kvinnekonvensjonen, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte på begge). JURK var invitert til høyring om *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte).

**Offentleg stønad:** I 1990 søkte JURK Barne- og familidepartementet om stønad til likestillingspolitisk opplysningsarbeid, men fekk avslag (Barne- og familidepartementet). JURK fekk 10 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 1995 (BFD). Organisasjonen fekk 30 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD). JURK har i 2006 fått 10 000 kroner og 2007 fått 15 000 kroner i offentleg stønad til tiltak gjennom IMDis støtteordning til lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn til eit skuleprosjekt der målet er å gjera innvandrarkvinner medvitne om rettar og plikter i det norske samfunnet (Oslo kommune 2007).

**Nettside:** [www.jurk.no](http://www.jurk.no)

## Kvinners frivillige beredskap (KFB)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, aktivitetar og medlemsmasse er KFB ein kvinneorganisasjon. ”Som et samarbeidsorgan for en rekke landsomfattende humanitære, kulturelle og faglige organisasjoner skal Kvinners Frivillige Beredskap (KFB) organisere, motivere og skolere kvinner til innsats innen totalforsvaret og derigjennom bidra til et mer robust og mindre sårbart samfunn”.

**Etableringsår:** 1951 (Wiik 2000:43).

**Medlemstal:** KFB er ein paraplyorganisasjon og har åtte medlemsorganisasjonar.

**Organisasjon:** Organisasjonen har eit sekretariat, eit hovudstyre samt fylkeskomitear.

**Nasjonal/lokal:** KFB er ein landsdekkande organisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** Formidla kvinnernas forsvarshistorie, formidla kunnskap om Forsvaret og sivilt beredskap, arrangera kurs og seminar, arbeider for likestilling i Forsvaret og for å få fleire kvinner i Forsvaret.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingslova Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje), endring av likestillingslova og eigen høyringsliste om innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje) og høyring

om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** I 2000 fekk Kvinners frivillige beredskap 10 000 kroner til likestillingsspolitisk opplysningsarbeid (Barne- og familidepartementet).

**Nettside:** [www.kfb.no](http://www.kfb.no)

## Mother Courage

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål og aktivitetar er Mother Courage ein kvinneorganisasjon. Mother Courage er ein stiftelse som driv med entreprenørskap, innovasjon og likestilling.

**Etableringsår:** Manglar informasjon.

**Medlemsstal:** Mother Courage er ikkje ein medlemsorganisasjon. Organisasjonen har eit nettverk på 3000 personar.

**Organisasjon:** Mother Courage er organisert som ei stifting.

**Nasjonal/lokal:** Landsdekkande nettverk.

**Aktivitar/politikk:** Arbeider med entreprenørskap, innovasjon og likestilling. Nettverksbygging, arbeide for kvinners økonomiske sjølvstende, konferanse om likestillingsfokus i samarbeidsprosjekt mellom Noreg og Russland.

**Offentlege høyringar:** Mother Courage har ikkje vore invitert til eller svart på dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** Mother Courage fekk i 2006 35 000 kroner i prosjektilskot gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** [www.mothercourage.no](http://www.mothercourage.no)

## Norges kvinne- og familieforbund

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Norges kvinne- og familieforbund å rekna som ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1915 (Wiik 2000:58).

**Medlemsstal:** 6874 betalande medlemmar i 2006. Både kvinner og menn kan vera medlemmar av organisasjonen.

**Organisasjon:** Norges kvinne- og familieforbund heitte tidlegare Norges Husmorforbund. Organisasjonen er medlem av Nordens kvinneforbund (NKF). Norges kvinne- og familieforbund er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon. Landsmøtet er organisasjonens høgaste organ og vert arrangert anna kvart år. Organisasjonen har eit valt landsstyre og sentralstyre.

**Nasjonal/lokal:** Norges Kvinne- og familieforbund er ein landsdekkande organisasjon

**Aktivitar/politikk:** Organisasjonen driv parkar og barnehagar. Organisasjonen er serviceinstitusjon i forbrukarspørsmål. Dei driv bistandsprosjekt i Aust-Europa og Den tredje verda. Elles organiserer dei studiearbeid og gjev ut medlemsbladet *Kvinner & familie*.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje) og var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringsslista vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte). Organisasjonen vart invitert til høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte) og høyring om NOU 2006: 2 Staten og den norske kyrke

(Haugsbygda Kvinne- og familieforbund svarte på denne høyringa. Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Norges Husmorforbund fekk 20 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid og 20 000 til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid i 1990 (Barne- og familidepartementet) og 10 000 i 1995 (BFD). Organisasjonen fekk 20 000 kroner til drift i 2000 (Barne- og familidepartementet). I 2006 fekk Norges kvinne- og familieforbund 100 000 kroner i offentleg driftsstønad gjennom støtteordninga til frivillige organisasjoner på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** <http://www.kvinnerogfamilie.no/Webdesk/netblast/pages/index.html>

## **Norges Bygdekinnelag (NBK)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn og medlemsmasse er Norges Bygdekinnelag ein kvinneorganisasjon. Organisasjonen er ein møtestad for kvinner som ønskjer å vera med på å utvikla levande lokalsamfunn. Føremålet med organisasjonen er å ”arbeide til beste for bygdefolkets økonomiske, sosiale og kulturelle interesser og bygge på nasjonal og kristen grunn”.

**Etableringsår:** Bygdekinnelaget vart oppretta som sjølvstendig organisasjon i 1946 då NBK vart skilt ut frå Bondelaget.

**Medlemstal:** 15 299 (2006).

**Organisasjon:** I 2002 endra organisasjonen namn frå Norges Bondekinnelag til Norsk Bygdekinnelag. NBK har eit styre og eit sekretariat. Ytterlegare informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** NBK er ein landsdekkande organisasjon.

**Aktivitet/politikk:** Organisasjonen driv med tradisjons- og kulturformidling. Dei formidlar informasjon om og arbeider politisk i relasjon til matproduksjon.

Bygdekinnelaget arbeider for å skapa sosiale møtestader i bygdene. Organisasjonen uttaler seg i høyringar om landbruk, familie, skule og oppveksttilhøve. Dei gjev ut bladet NBK-nytt (Wiik 2000:52).

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (både Norsk Bygdekinnelag og Norsk Bondekinnelag stod på høyringslista, men organisasjonen svarte ikkje), høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (både Norsk Bygdekinnelag og Norsk Bondekinnelag stod på høyringslista, men organisasjonen svarte ikkje). NBK var invitert til høyring om NOU 2006: 2 *Staten og den norske kyrke* (svarte).

**Offentleg stønad:** Noregs Bondekinnelag fekk 15 000 i kroner i 1990 og 10 000 kroner i 1995 til kvinneorganisasjonane sitt internasjonal arbeid (Barne- og familidepartementet). I 2006 Bygdekinnelaget fekk 100 000 kroner i driftsstønad gjennom støtteordninga til frivillige organisasjoner på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** [www.bdygdekinnelaget.no](http://www.bdygdekinnelaget.no)

## **Norske kvinners sanitetsforening**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namn og medlemsmasse er Norske kvinners sanitetsforening ein kvinneorganisasjon. Føremålet med organisasjonen er å ”mobilisere til frivillig innsats for et bedre og tryggere samfunn, ved å engasjere seg årvåkent innefor helse- og sosialområdet, miljøberedskap, krise- og katastrofearbeid”.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** 60 000 medlemmar i 2007.

**Organisasjon:** Organisasjonen er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon.

Landsmøtet er det høgste organet i organisasjonen.

**Nasjonal/lokal:** Norske kvinners sanitetsforening er ein landsdekkande organisasjon av lokale foreningar.

**Aktivitetar/politikk:** Krise og katastrofearbeid, miljøberedskap, tiltak for barn, unge og eldre i nærmiljøa, forsking, engasjement i høve til kvinnehelse. Tidlegare dreiv foreininga sjukepleiarutdanning.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje), var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringsslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje), høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje) og høyring om NOU 2006: 2 *Staten og den norske kirke*. Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemllestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte). Norske kvinners sanitetsforening var invitert til å svara på høyring om NOU 2004: 20 *Ny utlendingslov*, dei forslaga som gjaldt tiltak mot tvangsekteskap (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk 10 000 kroner i reisestipend i 2000 (Barne- og familidepartementet). Ut over dette har ikkje organisasjonen motteke offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** [www.sanitetskvinnene.no](http://www.sanitetskvinnene.no)

## **Oslo Røde Kors Internasjonale senter (ORKIS)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har ORKIS ein kvinne- og kjønnspolitisk profil. Oslo Røde Kors Internasjonale senter er ikkje ein kvinne- eller kjønnspolitisk organisasjon ut i frå namn eller føremål, men ORKIS har fleire tilbod og aktivitetar spesielt retta mot jenter og kvinner.

**Etableringsår:** 1988.

**Medlemstal:** ORKIS er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** ORKIS er eit av fleire ressurssenter i Oslo. Informasjon om organisasjonsstruktur manglar.

**Nasjonal/lokal:** ORKIS er eit lokalt senter med verksemd lokalisert på Grønland i Oslo.

**Aktivitetar/politikk:** Senteret har tilbod som ORKIS Leksehjelpen, ORKIS Kvinnekafé, Jentegruppe, ORKIS Ungdomsgruppa og ORKIS Idrett. Før dreiv ORKIS den landsdekkande informasjonstelefon om tvangsekteskap, men no ligg informasjonstelefonen direkte under Oslo Røde Kors.

**Offentlege høyringar:** Orkis var invitert til å svara på høyring om NOU 2004: 20 *Ny utlendingslov*, både den heilskafelege NOUen og den delen som gjaldt tiltak mot tvangsekteskap (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** I 2007 har ORKIS fått 15 000 kroner i offentleg stønad frå Oslo Fylkeskommune for å driva tiltaket ”åpen jentekveld”.

**Nettside:** <http://www.ressurssentrene.no/CenterPage.aspx?Page=Orkis>

## **PMV – Senter for helse, dialog og utvikling**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar og føremål har PMV ein kvinnekjønnsprofil.

**Etableringsår:** 1994.

**Medlemstal:** Senter for helse, dialog og utvikling er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Kirkens bymisjon eig og driv stiftinga PMV.

**Nasjonal/lokal:** PMV er eit lokalt tiltak i Oslo.

**Aktivitetar/politikk:** PMV driv kompetanseoppbygging, helseopplysning og arbeider for å auka deltaking blant minoritetskvinner. Dei har ungdomsgrupper som diskuterer problem knytt til Menneskerettigheter. Dei har grupper som arbeider mot skadelige tradisjonar som tvangsekteskap og kvinnelig omskjering. Dei fokuserer på sjølvhjelpstategiar. PMV har grupper for einslege mødrer. Dei arrangerer kokekurs, dels for 2. generasjons innvandrarar, dels for norskfødte som ønsker å læra om internasjonal mat. PMV driv språkundervisning og alfabetiseringsgrupper; norsk, arabisk, urdu, somalisk. I tillegg har dei babymassasje som ein måte å stimulere mor/barn-forholdet på.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var PMV invitert til å svara på høyring om NOU 2002: 12 *Rettlig vern mot etnisk diskriminering* (svarte).

Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte) og høyring om tiltak mot tvangsekteskap i samband med NOU 2004: 20 *Ny utlendingslov* (svarte).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk i 2006 kroner 20 000 i prosjektmidlar frå BLD gjennom stønadsordninga for familie- og likestillingstiltak. PMV fekk stønaden på grunnlag av ein felles søknad i lag med Somalisk kvinneforening.

**Nettside:** [http://www.bymisjon.no/templates/Page\\_2444.aspx](http://www.bymisjon.no/templates/Page_2444.aspx)

## **Reform – ressurssenter for menn**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar har Reform ein kjønnsdimensjon. Reform arbeider for likestilling og mot kjønnsdiskriminering, samt for å synleggjera menn som kjønn i samfunnet.

**Etableringsår:** 2002

**Medlemstal:** Ressurssenteret er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Reform har eit styre på sju medlemmar i tillegg til eit representantskap. Reform er organisert som ein stiftelse og vart etablert på initiativ frå *Krise- og rådgjevingstelefonen for menn*.

**Nasjonal/lokal:** Reform held til i Oslo, men er eit tilbod til menn frå heile landet.

**Aktivitetar/politikk:** Reform tilbyr einesamtalar, mannsgrupper, krise- og rådgjevingstelefonen, juridisk rådgjeving og sinnemestringskurs.

**Offentlege høyringar:** På heimesidene til organisasjonen er det ei oversikt over høyringssvar frå Reform. [http://www.reform.no/index.cfm?kat\\_id=4&subkat\\_id=73](http://www.reform.no/index.cfm?kat_id=4&subkat_id=73) Av dei undersøkte høyringane var Krise- og rådgivningstelefonen for menn, som Reform no har ansvaret for, invitert til å delta i høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje) og høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold*

(svarte ikkje). Reform var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte) og høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen oppgjør sjølv at dei får støtte av Barne- og familidepartementet. Reform er ikkje på lista over organisasjonar som fekk støtte av BLD gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingssområdet i 2006 (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** [www.reform.no](http://www.reform.no)

## ***Yrkesbaserte kvinneorganisasjonar***

### **Association of International & Professional Business Women**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, medlemskriterium, aktivitetar og føremål er organisasjonen ein kvinneorganisasjon. Association of International & Professional Business Women er ein nettverksorganisasjon som sameiner og støtter internasjonale og profesjonelle foreningskvinner i Noreg. Engelsktalande kvinner frå heile verda kan bli medlemmar av organisasjonen.

**Etableringsår:** 1994.

**Medlemstal:** 70 medlemmar i 2006.

**Organisasjon:** Styret, som er valt på årsmøtet, er leiinga i organisasjonen.

**Nasjonal/lokal:** Nasjonalt nettverk.

**Aktivitetar/politikk:** Møter, nettverksbygging. Administrerer Top 10-prisen (sjå <http://www.thetop10.no/>)

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen har ikkje vore invitert til eller svart på dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** I 2006 fekk organisasjonen 60 000 kroner i stønad til drift gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingssområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** <http://www.aipbw.no/>

## ***Delta Kappa Gamma Society International Norge***

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå medlemsmasse og føremål er Delta Kappa Gamma Society International Norge ein kvinneorganisasjon. The Delta Kappa Gamma Society International har som føremål å ”fremme profesjonell og personlig vekst hos kvinnelige pedagoger”.

**Etableringsår:** Manglar informasjon.

**Medlemstal:** 90 medlemmar i Noreg.

**Organisasjon:** Medlemsskapet er basert på ” profesjonelle kvalifikasjoner, lederevner og personlige kvaliteter”. Organisasjonen er demokratisk oppbygd med landsmøte som høgste organ.

**Nasjonal/lokal:** Organisasjonen er landsdekkande.

**Aktivitetar/politikk:** Aktivitetar: Informasjon til medlemmane, konferansar, fremja interessene til kvinnelege pedagogar, temamøter og føredrag, seniormøter.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77 2000-2001) (svarte)

og høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk 4000 kroner til opplysningsarbeid og 5000 til internasjonalt arbeid i 1990 (Barne- og familidepartementet). Delta Kappa Gamma fekk 10 000 kroner i stønad til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid i 1995 (BFD). Organisasjonen fekk 12 700 kroner i stønad til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD).

**Nettside:** <http://www.deltakappagamma.no>

## Jenter i Skogbruket (JiS)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål og aktivitetar er JiS ein organisasjon med ein klar kvinne- og kjønnsprofil. "Jenter i Skogbruket (JiS) en organisasjon som arbeider for å motivere og stimulere jenter i alle aldre til deltagelse og engasjement på alle plan innen skogbruket".

**Etableringsår:** 1986.

**Medlemstal:** Om lag 450 medlemmar.

**Organisasjon:** JiS er ein demokratisk oppbygd medlemsorganisasjon med landsmøte. Organisasjonen blir drifta av eit sekretariat og eit styre.

**Nasjonal/lokal:** Landsomfattande organisasjon med fylkeslag i heile landet.

**Aktivitetar/politikk:** Organisasjonen driv med internasjonalt arbeid og forsking. JiS er høyringsinstans. Organisasjonen arbeider for fleire kvinnelege tillitsvalte i Skogeiersamvirket.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen fekk i 2006 10 000 kroner i prosjektmidlar gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingsområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettsider:** <http://www.jenteriskogbruket.no/>

## Kvinner i mannsyrker (KIM)

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå medlemsmasse, føremål og aktivitetar er KIM ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1980.

**Medlemstal:** Informasjon om kor vidt KIM er ein medlemsorganisasjon manglar.

**Organisasjon:** Informasjon manglar.

**Nasjonal/lokal:** Informasjon manglar.

**Aktivitetar/politikk:** Deltaking på seminar og konferansar. Har gjeve ut rapporten: *Rapport fra skoleinformasjon om jenter i utradisjonelle yrker*, Lone Lønne Christiansen, i 1994.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje). KIM stod på lista over høyringsinstansar vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov i samband med endring av likestillingslova Ot.prp. nr. 35 (2004-2005), (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring om NOU 2003:31

*Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** KIM Oslo fekk avslag på søknad om stønad til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 1990 (Barne- og familidepartementet). KIM fekk 16 000 kroner til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid i 1990 (BFD). KIM Norge fekk 15 000 kroner til likestillingspolitisk opplysning i 1995 (BFD). KIM Trondheim fekk avslag på søknad om stønad i 1995 (BFD).

**Nettside:** Eksisterer ikkje.

**Kontakt:** Informasjon manglar.

## **Magdalena Norway**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål og medlemsmasse er Magdalena Norway derfor å rekna som ein yrkesrelatert kvinneorganisasjon. The Magdalena Network er eit internasjonal nettverk for kvinner i samtidsteater.

**Etableringsår:** 1986

**Medlemstal:** Informasjon manglar.

**Organisasjon:** Føremålet med organisasjonen er å synleggjera kvinner i scenekunst.

Nettverket er etablert i meir enn 50 land. Dei nasjonale gruppene er autonome.

Organisasjonen er tilslutta FOKUS.

**Aktivitetar:** Informasjon manglar.

**Offentlege høyringar:** Magdalena Norway var ikkje på listene over høyringsinstansar i dei undersøkte høyringsrundane.

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottek ikkje stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

**Adresse:** Sverresgate 21, 3921 Porsgrunn

**Nettside (internasjonalt):** <http://www.themagdalenaproject.org/>

## **Norske kvinnelige akademikere (NKA)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, medlemsmasse, medlemskriterium og aktivitetar er NKA ein kvinneorganisasjon. Norske kvinnelige akademikere har som føremål å fremja vennskap og samarbeid med kvinner frå høgskular og universitet i heile verda. Kvinner med minst treårig høgare utdanning kan bli medlemmar.

**Etableringsår:** 1920 (Wiik 2000:69).

**Medlemstal:** Medlemsorganisasjon med om lag 200 medlemmar i 2000 (Wiik 2000:69).

**Organisasjon:** Organisasjonen er demokratisk oppbygd med årsmøte og eit styre.

Nettsidene har ikkje vore oppdatert sidan 05.11.03, så oppdatert informasjon om organisasjonen manglar.

**Nasjonal/lokal:** NKA er ein landsdekkande organisasjon med lokale grupper i Oslo og Bergen. NKA er tilslutta International Federation of University Women, IFUW og University women of Europe, UWE.

**Aktivitetar/politikk:** Arrangerer seminar, konferansar og medlemsmøter. Driv med internasjonalt samarbeid.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte) og var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte på den delen som gjeld kvinnekonvensjonen).

**Offentleg stønad:** Norske kvinnelige akademikere fekk avslag på søknad om stønad til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 1990 (Barne- og familidepartementet). I 1995 fekk organisasjonen 10 000 kroner til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid (BFD).

**Nettside:** <http://www.ub.uib.no/avdeling/fdok/nka/>

### **Norske kvinnelige juristers forening (NKJF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, medlemskriterium, medlemsmasse og aktivitetar er Norske kvinnelige juristers forening ein kvinneorganisasjon. NKJF har som føremål å ivareta interessene til kvinnelege juristar. Kvinnelege juristar og jusstudentar kan vera medlemmar.

**Etableringsår:** 1947.

**Medlemstal:** NKJF er ein medlemsorganisasjon som hadde om lag 550 medlemmar i 2000 (Strømberg 1984:34).

**Organisasjon:** NKJF har eit styre som består av 10 personar. NKJF har lokallag i Hordaland og Rogaland.

**Nasjonal/lokal:** NKJF er ein landsdekkande organisasjon.

**Aktivitar/politikk:** Medlemsmøter, styremøter og hjelpeprosjekt i Thailand og Øst-Timor.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Norske kvinnelige juristers forening var invitert til høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til å svara på høyring om ”forslag til endringer i lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslelestelse” Ot.prp nr 21 (2003-2004) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen har ikkje motteke offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane.

**Nettside:** <http://www.nkjf.no>

### **Norsk kvinnelig teologforening (NKTF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, føremål, medlemsmasse, medlemskriterium og aktivitetar er Norsk kvinnelig teologforening ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** NKTF er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal manglar.

**Organisasjon:** Norsk kvinnelig teologforening er ein demokratisk organisert medlemsorganisasjon med eit styre som består av sju personar.

**Nasjonal/lokal:** Norsk kvinnelig teologforening er ein landsomfattande organisasjon.

**Aktivitar/politikk:** Organisasjonen gjev ut tidsskriftet St. Sunniva, arrangerer fagseminar, årsmøte, deler ut aerespris, samarbeider med Likestillingsombudet, støtter kvinner som er aktuelle til leiarstillingar i kyrkja og har gjeve ut boka *Feministteologi på norsk*.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte), høyring om endring av likestillingslova Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje), høyring

om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte) og høyring om NOU 2006: 2 *Staten og den norske kirke* (svarte).

**Offentleg stønad:** Norsk kvinnelig teologforening fekk 10 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (Barne- og familidepartementet).

**Nettside:** <http://folk.uio.no/marianbk/nktf/om.html>

## Norgesunionen av soroptimistklubber

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Soroptimist International (SI) er en verdensomspennende organisasjon for yrkesaktive kvinner. Føremålet er å betra kvinners stilling og fremja menneskerettar for alle (Wiik 2000:61). Ut ifrå medlemsmasse, medlemskriterium og føremål er Norgesunionen av soroptimistklubber ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1939.

**Medlemstal:** Ein kan ikkje meldia seg inn i soroptimistklubar. To andre soroptimistar må ha føreslått eit nytt medlem før ein kan bli teken opp som medlem av organisasjonen.

**Organisasjon:** Manglar informasjon.

**Nasjonal/lokal:** Landsdekkande organisasjon med 65 klubbar.

**Aktivitetar/politikk:** Gjev ut medlemsbladet Soroptima. Organisasjonen har rådgjevande status i FN. Engasjerer seg i kampen mot AIDS-epidemien, mot antipersonell-miner, mattrryggleik, klimaspørsmål m.m.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Bærums Soropitmistklubb fekk 5000 kroner frå BFD i 1990 til kvinneorganisasjonars internasjonale arbeid. Norgesunionen av Soroptimistbklubber fekk 5000 til internasjonal arbeid i 1990 (BFD). 10 000 til internasjonal arbeid i 1995.

Organisasjonen fekk avslag på søknad om midlar til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD).

**Nettside:** <http://soroptimistnorway.no/>

## Norges fiskarkvinnelag

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Noregs fiskarkvinnelag ein kvinneorganisasjon. ”Norges Fiskarkvinnelag har som formål å fremme sosiale og kulturelle tiltak i kystsamfunnet. Laget skal særlig arbeide for fiskarkvinnas og fiskarfamiliens sosiale og økonomiske rettigheter i samfunnet” (Piscus 2007).

**Etableringsår:** Informasjon manglar.

**Medlemstal:** Om lag 1000 medlemmar.

**Organisasjon:** Organisasjonen har 39 lokallag og 4 fylkeslag. Landsmøte blir avhold kvart tredje år, neste gong i 2007. Landsmøtet vel eit landsstyre på tre personar. Laget har tilsett ein dagleg leiar med kontorstad i Trondheim (Piscus 2007).

**Nasjonal/lokal:** Norges fiskarkvinnelag er ein landsdekkande organisasjon.

**Aktivitetar/politikk:** Informasjon om aktivitetar manglar.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje) og var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35

(2004/2005) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** I 1990 fekk Norges fiskarkvinnelag 20 000 kroner til kvinneorganisasjonane sitt internasjonale arbeid (Barne- og familidepartementet).

**E-post:** [fiskarkvinnelag@fiskarlaget.no](mailto:fiskarkvinnelag@fiskarlaget.no)

**Adresse:** Norges Fiskarkvinnelag, Pir-senteret, 7462 Trondheim.

## **Norges Lotteforbund (NLF)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namn, medlemsmasse, føremål og aktivitetar er Noregs fiskarkvinnelag ein kvinneorganisasjon. Norges Lotteforbund er ein organisasjon for kvinner over 16 år. Lotteforbundet driv frivillig innsats i Totalforsvaret.

**Etableringsår:** 1928.

**Medlemstal:** Manglar informasjon.

**Organisasjon:** Norges Lotteforbund vart starta under namnet Norske kvinners frivillige verneplikt. ”Norges lotteforbunds høyeste myndighet er landsmøtet som avholdes annet hvert år. Til hjelp mellom landsmøtene har NLF et landsstyre som består av forbundsleder, nestleder, seksjonsleder for Info- og rekruttering, seksjonsleder for Forsvaret, seksjonsleder for Utdanning, ett styremedlem og ett varamedlem.

Forbundsleder er ansatt i full stilling og betjener forbundskontoret sammen med en sekretær og en redaktør også i fulle stillinger. Forbundet har sine kontorer i Skippergaten 17 i Oslo”.

**Nasjonal/lokal:** Landsdekkande organisasjon med 40 lokal foreninger.

**Aktivitetar/politikk:** Norges Lotteforbund driv med sivilt og militært beredskapsarbeid. Kurs i lederutvikling, instruksjon, abc-vern, samband, førstehjelp, sanitet, hjertestarter, skyting og sminke- og markørtjeneste.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje) og var invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova og stod på høyringslista vedrørande innarbeidning av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot. Prp. Nr 35 (2004/2005) (svarte ikkje). Organisasjonen var invitert til høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Norges Lotteforbund fekk avslag på søknad om stønad til likestillingspolitisk opplysningsarbeid og internasjonalt arbeid i 1990 (BFD).

**Nettside:** <http://www.lottene.no/>

## **Norges Yrkeskvinners Landsforbund (NYKL).**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå namn, aktivitetar og føremål er NYKL ein kvinnekjønspolitisk organisasjon. ”Norges Yrkeskvinners Landsforbund arbeider for å fremme yrkeskvinnenes interesser og å vekke kvinnenes politiske og sosiale bevissthet” (Riksarkivet 2002).

**Etableringsår:** 1931. (Manglar informasjon om kor vidt organisasjonen er nedlagt).

**Medlemstal:** Manglar informasjon om medlemstal og om kor vidt organisasjonen er ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** NYKL er tilslutta International Federation of Business and Professional Women.

**Nasjonal/lokal:** Informasjon manglar.

**Aktivitetar/politikk:** Støtter flykninghjelpen ved å bidra til utdanning av yrkeskvinner blant flyktningar.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingssloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje). Organisasjonen stod på lista over organisasjonar som var invitert til høyring om innarbeidning av kvinnekonvensjonen, i samband endring av likestillingsslova Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen har ikkje motteke stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

**Nettside:** Eksisterer ikkje.

## **Women in Film and Television Norge (WIFT)**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namnet er WIFT ein kvinneorganisasjon. Manglar informasjon om føremål, medlemsmasse og aktivitetar.

**Etableringsår:** Manglar informasjon.

**Medlemstal:** 141

**Organisasjon:** Informasjon manglar.

**Nasjonal/lokal:** Informasjon manglar.

**Aktivitetar/politikk:** Informasjon manglar.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var ikkje invitert til å svara på nokre av dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** I 2006 fekk organisasjonen 10 000 kroner i driftsstønad gjennom støtteordninga til frivillige organisasjonar på familie- og likestillingssområdet (kapittel 846 post 70 i statsbudsjettet).

**Nettside:** <http://www.wift.no>

## **Zonta International**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Zonta International er ein internasjonal kvinneorganisasjon for yrkesaktive kvinner. "Zontas overordnede mål er å bedre kvinnernas juridiske, politiske, økonomiske og yrkesmessige status." Både kvinner og menn kan vera medlemmar. Ut ifrå føremål, medlemsmasse og aktivitetar er Zonta ein kvinneorganisasjon.

**Etableringsår:** 1919 (USA), 1947 i Norge.

**Medlemstal:** 33 000 medlemmar fordelt på 69 land.

**Organisasjon:** Den internasjonale organisasjonen er delt inn i distrikt og områder.

Distrikt 13 består av Danmark, Litauen, Island og Norge. Område 4 er Zonta Norge.

Organisasjonen er tilslutta FOKUS (2007b).

**Nasjonal/lokal:** Zonta International er ein internasjonal organisasjon med avdeling i Noreg. I Noreg er det 15 lokale klubbar.

**Aktivitetar/politikk:** Hjelpe- og bistandsprosjekt både nasjonalt og internasjonalt. Medlemsblad og møter.

**Offentlege høyringar:** Organisasjonen var ikkje invitert til eller svarte på dei undersøkte høyringane.

**Offentleg stønad:** Oslo Zonta II fekk avslag på søknad om stønad til internasjonalt arbeid i 1995 (Barne- og familidepartementet). Zonta international Oslo fekk avslag på søknad som stønad til internasjonalt arbeid i 1995 (Barne- og familidepartementet).

Zonta international Norge fekk 10 000 til internasjonal arbeid i 1995.

Nettside: <http://www.zonta.no/>

### **Partipolitiske kvinneorganisasjonar og utval**

Arbeiderpartiets kvinnennettverk <http://www.dna.no/index.gan?id=70560&subid=0>

Høyres kvinneutvalg

KrFs kvinner

[http://www.krf.no/portal/page?\\_pageid=36,34517&\\_dad=portal&\\_schema=PORTAL](http://www.krf.no/portal/page?_pageid=36,34517&_dad=portal&_schema=PORTAL)

Norges venstrekvinnelag <http://www.venstre.no/sentralt/organisasjon/artikkel/694/>

RVs kvinneutvalg/Raudt kvinnekritiske utval (nettside manglar)

Senterkvinnene <http://www.senterpartiet.no/senterkvinnene/>

SVs kvinnekritiske utvalg [http://www.sv.no/partiet/utvalg/kvinne\\_utv/](http://www.sv.no/partiet/utvalg/kvinne_utv/)

### **Kvinnegrupper og kvinneutval under andre organisasjonar**

Afghanistankomiteens kvinneutvalg

Amurtel - Amurt Norge kvinneutvalg

Den norske Tibetkomiteens kvinneutvalg

Fagforbundets kvinneutvalg

Fellesrådet for Afrika's kvinneutvalg

Frelsesarmeens kvinneorganisasjon

Internasjonale Dugnad's kvinnegruppe

KFUK utvalget

Kirkens Bymisjon / EMPO – tverrkulturell kvinnegruppe

Kirkens kvinneutvalg

Kirkerådets Kvinneutvalg

Kvinnegruppa i Framtiden i våre hender

Kvinne- og likestillingsnemnda under kirkerådet<sup>26</sup>

Latin-Amerikagruppene i Norge, kvinnegruppa

Nei til Eus kvinneutvalg

Nemnd for kvinne- og likestillingsspørsmål under kirkerådet

Norges Blindeforbunds kvinnekritiske utvalg

Norges bonde og småbrukarlags kvinneutvalg

Norges Fredslags kvinnegruppe

Norges kristelige studentforbund, internasjonal kvinnegruppe

Norsk Psykologforening, kvinnekritiske utvalg

Norske reindriftssamers landsforenings kvinneutvalg

---

<sup>26</sup> Den norske kyrkja har ein dobbel organisasjonsstruktur. På den eine sida har ein biskopane. Dette er den gamle, tradisjonelle og hierarkiske organiseringa. På 1970-talet arbeidde Berge Furre for å innføra ein demokratisk organisasjonsstruktur. Denne består av menighetsråd som er demokratisk valte av menigheten. Neste nivå er bispedømmeråda. På toppen har ein kyrkjemøtet som er ei slags generalforsamling med delegatsystem. Bispedømmeråda vel delegatane. På Kyrkjemøtet vel ein kyrkerådet, som kan samanliknast med eit sentralstyre. Kyrkerådet har eit stort sekretariat, og kvar person i sekretariatet har sitt faglege ansvarsområde. Direkte under kyrkerådet ligg nemndene, som er basert på fagkompetanse. Det finst ei eiga kvinne- og likestillingsnemnd som Synnøve Hinnland Stendal er kontaktperson for.

Palestinakomiteens kvinneutvalg  
SAIHs Kvinneutvalg  
Utdanningsforbundets Kvinneutvalg  
Utviklingsfondets kvinneutvalg

## **Organisasjonar som arbeider med kjønna vald**

### **Aksjon hvitt bånd**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål og aktivitetar er Aksjon hvitt bånd ein kvinne- og kjønns politisk aksjon.

**Etableringsår:** 1994.

**Medlemstal:** Kampanjen er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Aksjon hvitt bånd er ein internasjonal kampanje mot menns vald mot kvinner. Kampanjen vart starta i Canada og finst no fleire stader i Noreg. Jørgen Lorentzen, Knut Oftung og Øystein Holter var initiativtakarar til kampanjen i Noreg. No er det Reform som har ansvar for kampanjen. Aksjon hvitt bånd har ikkje vore aktiv i det siste, men det er planer om å få kampanjen i gang igjen.

**Nasjonal/lokal:** Kampanjen er landsdekkande.

**Aktivitetar/politikk:** Manglar informasjon.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringsrundane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revidering av likestillingslova (Ot. prp. Nr. 77 2000-2001) (svarte ikkje), og *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Aksjonen fekk 35 000 kroner i 2000 til likestillingspolitisk opplysningsarbeid (BFD).

**Nettside:** <http://www.whiteribbon.com/>

### **Alternativ til Vold**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål og aktivitetar har ATV ein kjønnsdimensjon. Alternativ til Vold er det første europeiske behandlingstilbodet for menn som utøver vald.

**Etableringsår:** 1987.

**Medlemstal:** Alternativ til Vold er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Kriminologane Kristin Skjørten og Christian Magnus Falsen tok initiativ til prosjektet ATV og fekk statleg finansiering som forsøksprosjekt. ATV er no organisert som ei privat stifting.

**Nasjonal/lokal:** ATV tilbyr behandling til personar busett i Oslo Kommune, Drammen og omeign, Telemark fylke og Vestfold fylke.

**Aktivitetar/politikk:** Behandlingstilbod til menn og kvinner, tilbod til barn som er vitne til vald, kurs, konferansar, føredrag.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var organisasjonen invitert til å svara på høyring om revisjon av likestillingsloven Ot. prp. Nr. 77 (2000-2001) (svarte ikkje), høyring om revidering av likestillingslova og eiga høyringsliste vedrørande innarbeiding av kvinnekonvensjonen i norsk lov, Ot.prp. nr. 35 (2004-2005) (svarte ikkje) og høyring om NOU 2003:31 *Retten til et liv utan vold* (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** ATV mottek ikkje stønad gjennom dei undersøkte ordningane, men opplyser om at dei får stønad frå stat og kommune.

**Nettside:** [www.atv-stiftelsen.no](http://www.atv-stiftelsen.no)

## **Dievddut, mannsforening i Guovdageaidnu**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå namn, medlemsmasse, medlemskriterium, føremål og aktivitetar er Dievddut ein manns- og kjønnspolitisk organisasjon. Dievddut er ein frivillig mannsforening i Kautokeino. Føremålet er å førebyggja vald, overgrep, seksuell trakassering og diskriminering av kvinner.

**Etableringsår:** 2005.

**Medlemstal:** Dievddut er ein medlemsorganisasjon. Informasjon om medlemstal manglar. Berre menn kan vera medlemmar av Dievddut.

**Organisasjon:** Organisasjonen er demokratisk oppbygd. Styret blir valt på årsmøtet.

**Nasjonal/lokal:** Dievddut er ein lokal organisasjon i Kautokeino.

**Aktivitetar:** Deltek i mannspanelet, er med i eit interimstype som skal oppretta eit senter for incest- og overgropsutsette, medarrangør på samisk likestillingskonferanse i 2007, føredrag og pressearbeid.

**Offentlege høyringar:** Dievddut har ikkje delteke i dei undersøkte høyringsrundane.

**Offentleg stønad:** I 2006 fekk Dievddut fekk 70 000 kroner i eingongsstønad frå Sametinget til eit seminar.

**Nettside:** <http://www.dievddut.org/>

## **DIXI – Ressurssenter for voldtatte**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå føremål, aktivitetar og brukargrupper er DIXI ein kvinneorganisasjon. Dixi har ikkje eit eksplisitt fokus på kvinner eller kjønnsproblematikk på sidene sine, men det går fram at sjølvhjelpsgruppene på Dixi er retta mot kvinner.

**Etableringsår:** Oslo, 1998. Stavanger, 1999.

**Medlemstal:** DIXI er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Dixi i Oslo har eit styre. Ytterlegare informasjon om organisasjonsstruktur manglar. Arbeidet føregår på lønna og frivillig basis.

**Nasjonal/lokal:** Dixi har ressurssenter i Stavanger og Oslo.

**Aktivitetar/tilbod:** Individuelle samtalar for valdtekne og pårørande, samtalegrupper, telefonrådgjeving, rettleiing på mail og sms, informasjon om rettar og plikter, temakveldar og føredrag, opplysning om hjelpeapparat, føredrag på skoler, for politikarar, foreninger og hjelpeapparatet generelt.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var DIXI invitert til å delta i høying om *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Organisasjonen mottek ikkje offentleg stønad gjennom dei undersøkte ordningane. Informasjon om anna offentleg stønad finst i årsrapportane på heimesidene til Dixi.

**Nettside:** [www.dixi.no](http://www.dixi.no) og [www.dixistavanger.no](http://www.dixistavanger.no)

## **KIK – Selvforsvar og grensesetting**

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå brukargrupper, føremål og aktivitetar er KIK ein kvinne- og kjønnspolitisk organisasjon. KIK tilbyr kurs i feministisk sjølvforsvar. Kursa handlar om å lære grensesetting og sjølvforsvar. KIK har eit kjønnsperspektiv på seksualisert vald, valdtekst og mishandling.

**Etableringsår:** 1982.

**Medlemstal:** KIK er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** KIK består av fem sjølvforsvarsinstruktørar med bakgrunn frå TaeKwon Do eller Karate. Før heitte organisasjonen KIK – kvinner i kamp.

**Lokal/nasjonal:** KIK har instruktørar i Oslo og Bergen, men tilbyr helgekurs i heile landet.

**Offentlege høyringar:** KIK har ikkje delteke i dei undersøkte høyringsrundane.

**Offentleg stønad:** KIK mottekk ikkje stønad gjennom dei undersøkte ordningane. KIK mottekk offentleg stønad frå Sosial- og helsedirektoratet.

**Nettside:** [www.selvforsvarstrening.no](http://www.selvforsvarstrening.no)

## Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut i frå føremålet har Ressurssenteret ein tydeleg kjønnsdimensjon: Virksomheten vektlegger sammenhengen mellom kjønn og makt og har som utgangspunkt kvinners erfaring med vold og seksuelle overgrep”(Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep 2007).

**Etableringsår:** 1995.

**Medlemstal:** Ressurssenteret er ikkje ein medlemsorganisasjon.

**Organisasjon:** Ressurssenteret er organisert som ein stiftelse med eit styre og eit representantsskap. Styret er den øvste myndigheita i stiftelsen. Stiftelsen Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep vidarefører arbeidet stiftelsen ”Kirkelig ressurssenter for mishandlede kvinner”.

**Nasjonal/lokal:** Stiftelsen arbeider nasjonalt og har lokale kontaktar ved bispedømekontora i landet.

**Aktivitetar/tilbod:** Samtalegrupper, sosiale arrangement og turar. Adam, eit tilbod til menn, er eit tilbod under ressurssenteret. Adam har eigne heimesider:

<http://www.kirkens-ressurssenter.no/adam.shtml>

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var Kirkens ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep invitert til å delta i høyring om *Retten til eit liv uten vold* (NOU 2003:31) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Ressurssenteret fekk 37 000 kroner til likestillingspolitisk opplysningsarbeid i 2000 (BFD).

Nettside: <http://www.kirkens-ressurssenter.no/>

## Krisesentersekretariatet

Krisesentersekretariatet er ein medlemsorganisasjon for 33 av landets krisesenter. Sjå side 36.

## Landsforeningen for voldsofre

**Kvinne- og kjønnsprofil:** Ut ifrå aktivitetar har Landsforeningen ein viss kjønnsdimensjon. Organisasjonen gjev mellom anna hjelp til valdsutsette kvinner

**Etableringsår:** 1989.

**Medlemstal:** Landsforeningen er ikkje først og fremst ein medlemsorganisasjon. Det er mogleg å støtta foreningen som medlemmar, men dette er ikkje naudsynt for å få hjelp.

**Organisasjon:** Informasjon manglar.

**Nasjonal/lokal:** Landsforeningen held til i Oslo, men yter hjelp til personar frå heile landet. På grunn av mangel på økonomiske midlar eksisterer berre eit lite mottak der ein

kan møte opp etter avtale.

**Aktivitetar:** Hjelpelefon, informasjon og aktivitetar, fram til 2002 dreiv organisasjonen eit senter for valdsoffer.

**Offentlege høyringar:** Av dei undersøkte høyringane var Landsforeningen for voldsofre invitert til å delta i høyring om rettsleg vern mot etnisk diskriminering (NOU 2002:12) (svarte ikkje).

**Offentleg stønad:** Landsforeningen for voldsofre mottekk ikkje stønad gjennom dei undersøkte stønadsordningane.

